



Innkalling Formannskapet

Møtedato: 03.12.2015
Møtested: Kommunehuset - Børilden
Møtetid: 09:00

Forfall skal meldast til Servicekontoret t. 56162000/post@austrheim.kommune.no
Varamedlem møter berre etter nærare innkalling

Saksliste

Saksnr	Tittel
166/15	Godkjenning av innkalling og saksliste
167/15	Meldingar
168/15	Delegerte saker
169/15	Orienteringssak
170/15	Betaling for dagsenterplass på Nordliheimen 2016
171/15	Betaling for følgjeteneste for ikkje lovpålagde tenester 2016
172/15	Betaling for heimetenester 2016
173/15	Betaling for middag 2016
174/15	Betaling for tryggleiksalarm 2016
175/15	Betalingssatsar SFO for 2016
176/15	Avgifter - Austrheim kulturskule 2016
177/15	Kloakkavgift 2016
178/15	Renovasjonsavgift 2016
179/15	Slamavgift 2016
180/15	Vassavgift 2016
181/15	Feieavgift 2016
182/15	Lokal forskrift om gebyr for tekniske forvaltningsteneste med gebyrsatsar for 2016 - Godkjenning

- 183/15 Frådeling av eksisterande våninghus på landbrukseigedom gbnr. 155/10 på Hopland
- 184/15 Revidering av retningslinjer for næringsfond
- 185/15 Endring av vedtektene for barnehagane i Austrheim kommune
- 186/15 Eigedomsskattevedtekter - Godkjenning
- 187/15 Ventilasjon Kaland barnehage

Dato, 26.11.2015

Per Lerøy
ordfører

Jan Olav Osen
rådmann

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
166/15	Formannskapet	PS	03.12.2015

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Emma Hjelmtveit	FE - 033	15/1144

Godkjenning av innkalling og saksliste

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

Saksopplysninger:

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
167/15	Formannskapet	PS	03.12.2015

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Emma Hjelmtveit	FE - 033	15/1144

Meldingar

Vedlegg:

Kontroll av salsløyve - Coop

Kontroll av salsløyve - Joker Fønnes

Kontroll av salsløyve - Joker Austrheim

Kontroll av salsløyve - Spar Vest avd. Mongstad

Saker

Saksnummer	Tittel
167/15.1	Kontroll av salsløyve 12.11.15 - rapport
167/15.2	Kontroll av salsløyve 12.11.15 - rapport
167/15.3	Kontroll av salsløyve 12.11.15 - rapport
167/15.4	Kontroll av salsløyve 12.11.15 - rapport

Framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering

Saksopplysninger:

Alkoholkontrollen i samarbeidskommunane i Nordhordland og Gulen

Rapport – Kontroll av salsløyve

Salsstad – namn COOP Extra Austrheim		Dato 12/11-15
Adresse Mastrevik Torg Austrheim	Kommune Austrheim	Kontroll utført i tida (frå kl. – til kl.) 12^{LE} 12⁵⁰
Løyvehavar – namn Stordal Mat AS		
Styrrar/avløysar (gjeve opp av ansvarshavande på kontrollen) Sverre Stordal / Marianne Arendsen		
Ansvarshavande på kontrolltidspunkt Marte Klandemnd		Kontrollør – namn MØ
Er det endringar i ovannemte opplysningar i forhold til løyvedokument? <input checked="" type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ja		
Dag	Åpningstider	Salstider
Kvardagar	7-22⁰⁰	9-22⁰⁰
Laurdag	8-20⁰⁰	9-18⁰⁰
Sundag		
<p>Praktisering av salsløyvet:</p> <p>Rus: Er det openbart rusa person(er) i salslokalet? (om nei, gå til alder) <input checked="" type="checkbox"/> nei <input type="checkbox"/> ja Vart det selt eller levert ut alkoholholdig drikk til openbart rusa person(ar)? <input type="checkbox"/> nei <input type="checkbox"/> ja</p> <p>Alder: Vart det selt eller levert ut alkoholholdig drikk (>0,7 vol%) til person(er) under 18 år? <input checked="" type="checkbox"/> nei <input type="checkbox"/> ja -»- av betjening under 18 år? <input checked="" type="checkbox"/> nei <input type="checkbox"/> ja</p> <p>Tid – salsområde: Vart salstidene for alkoholholdig drikk (>0,7vol%) haldne? <input checked="" type="checkbox"/> Ikkje kontrollert <input type="checkbox"/> nei <input type="checkbox"/> ja Vart de konsumert alkoholholdig drikk i sals- / butikklokalet? <input checked="" type="checkbox"/> nei <input type="checkbox"/> ja</p> <p>Andre vilkår: Vart forbodet mot reklame halden? <input type="checkbox"/> nei <input checked="" type="checkbox"/> ja Er øl/rusbrus plassert rett i lokalet – etter gjeldande alkohollov med forskrifter? <input type="checkbox"/> nei <input checked="" type="checkbox"/> ja</p> <p>Merknad:</p>		
Underskrift løyvehavar/ansvarshavande Marte M. Klandemnd		Underskrift kontrollør(ar) Merethe Tveite
Til svar markert med kryss i O for ja/nei, må det skrivast merknad/tilleggsrapport		

Alkoholkontrollen i samarbeidskommunane i Nordhordland og Gulen

Rapport – Kontroll av salsløyve

Salsstad – namn Folker Fønnes Senter		Dato 12/11-15
Adresse 5953 Fønnes	Kommune Austrheim	Kontroll utført i tida (frå kl. – til kl.) 1140 1155
Løyvehavar – namn Ng Folker Drift AS		
Styrar/avløysar (gjeve opp av ansvarshavande på kontrollen) Janice Veland / Håkon Fønnes		
Ansvarshavande på kontrolltidspunkt Kathrine Hasselquist		Kontrollør – namn LST
Er det endringar i ovannemte opplysningar i forhold til løyvedokument?		<input checked="" type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ja
Dag	Åpningstider	Salstider
Kvardagar	7-21 ⁰⁰	9-20 ⁰⁰
Laurdag	8-18 ⁰⁰	9-18 ⁰⁰
Sundag	10-21 ⁰⁰	
Praktisering av salsløyvet:		
Rus:		
Er det openbart rusa person(er) i salslokalet? (om nei, gå til alder)		<input checked="" type="checkbox"/> nei <input type="checkbox"/> ja
Vart det selt eller levert ut alkoholholdig drikk til openbart rusa person(ar)?		<input checked="" type="checkbox"/> nei <input type="checkbox"/> ja
Alder:		
Vart det selt eller levert ut alkoholholdig drikk (>0,7 vol%) til person(er) under 18 år?		<input checked="" type="checkbox"/> nei <input type="checkbox"/> ja
--> av betjening under 18 år?		<input checked="" type="checkbox"/> nei <input type="checkbox"/> ja
Tid – salsområde:		
Vart salstidene for alkoholholdig drikk (>0,7vol%) haldne? <input checked="" type="checkbox"/> Ikkje kontrollert		<input type="checkbox"/> nei <input type="checkbox"/> ja
Vart de konsumert alkoholholdig drikk i sals- / butikklokalet?		<input checked="" type="checkbox"/> nei <input type="checkbox"/> ja
Andre vilkår:		
Vart forbodet mot reklame halden?		<input type="checkbox"/> nei <input checked="" type="checkbox"/> ja
Er øl/rusbus plassert rett i lokalet – etter gjeldande alkohollov med forskrifter?		<input type="checkbox"/> nei <input checked="" type="checkbox"/> ja
Merknad:		
Underskrift løyvehavar/ansvarshavande		Underskrift kontrollør(ar)
Kathrine Hasselquist		Merethe S. Negro
Til svar markert med kryss i O for ja/nei, må det skrivast merknad/tilleggsrapport		

Alkoholkontrollen i samarbeidskommunane i Nordhordland og Gulen

Rapport – Kontroll av salsløyve

Salsstad – namn Foker Austheim		Dato 12/11-15
Adresse 5943 Austheim	Kommune Austheim	Kontroll utført i tida (frå kl. – til kl.) 13¹⁰ 14⁰⁰
Løyvehavar – namn Austheim Handel AS		
Styrar/avløysar (gjeve opp av ansvarshavande på kontrollen) Erna Grotvæst Viola Brooks		
Ansvarshavande på kontrolltidspunkt Sissel Austheim		Kontrollør – namn AST
Er det endringar i ovannemte opplysningar i forhold til løyvedokument? <input checked="" type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ja		
Dag	Åpningstider	Salstider
Kvardagar	8-18⁰⁰ Fre 8-19⁰⁰	9-18⁰⁰ Fre 9-19⁰⁰
Laurdag	9-17⁰⁰	9-17⁰⁰
Sundag		
Praktisering av salsløyvet: Rus: Er det openbart rusa person(er) i salslokalet? (om nei, gå til alder) <input checked="" type="checkbox"/> nei <input type="checkbox"/> ja Vart det selt eller levert ut alkoholholdig drikk til openbart rusa person(ar)? <input type="checkbox"/> nei <input type="checkbox"/> ja Alder: Vart det selt eller levert ut alkoholholdig drikk (>0,7 vol%) til person(er) under 18 år? <input checked="" type="checkbox"/> nei <input type="checkbox"/> ja --> av betjening under 18 år? <input checked="" type="checkbox"/> nei <input type="checkbox"/> ja Tid – salsområde: Vart salstidene for alkoholholdig drikk (>0,7vol%) haldne? <input checked="" type="checkbox"/> Ikkje kontrollert <input type="checkbox"/> nei <input type="checkbox"/> ja Vart de konsumert alkoholholdig drikk i sals- / butikklokalet? <input checked="" type="checkbox"/> nei <input type="checkbox"/> ja Andre vilkår: Vart forbodet mot reklame halden? <input type="checkbox"/> nei <input checked="" type="checkbox"/> ja Er øl/rusbrus plassert rett i lokalet – etter gjeldande alkohollov med forskrifter? <input type="checkbox"/> nei <input checked="" type="checkbox"/> ja Merknad:		
Underskrift løyvehavar/ansvarshavande Gerd Sissel Austheim		Underskrift kontrollør(ar) Heathe S neste
Til svar markert med kryss i O for ja/nei, må det skrivast merknad/tilleggsrapport		

Alkoholkontrollen i samarbeidskommunane i Nordhordland og Gulen

Rapport – Kontroll av salsløyve

Salsstad – namn <i>Spar Vest ved Mongstad</i>		Dato <i>12/11-15</i>
Adresse <i>Lilla 5954 Mongstad</i>	Kommune <i>Austrheim</i>	Kontroll utført i tida (frå kl. – til kl.) <i>10⁵⁰ 11³⁰</i>
Løyvehavar – namn <i>NB, Spar Vest</i>		
Styrrar/avløysar (gjøve opp av ansvarshavande på kontrollen) <i>Camilla Bogenveit / Astrid Bakke</i>		
Ansvarshavande på kontrolltidspunkt <i>Camilla Bogenveit</i>		Kontrollør – namn <i>HOS</i>
Er det endringar i ovannemte opplysningar i forhold til løyvedokument? <input checked="" type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ja		
Dag	Åpningstider	Salstider
Kvardagar	<i>06⁰⁰ 23⁰⁰</i>	<i>9-20⁰⁰</i>
Laurdag	<i>08⁰⁰ 21⁰⁰</i>	<i>9-18⁰⁰</i>
Sundag		
<p>Praktisering av salsløyvet:</p> <p>Rus: Er det openbart rusa person(er) i salslokalet? (om nei, gå til alder) <input checked="" type="checkbox"/> nei <input type="checkbox"/> ja Vart det selt eller levert ut alkoholholdig drikk til openbart rusa person(ar)? <input checked="" type="checkbox"/> nei <input type="checkbox"/> ja</p> <p>Alder: Vart det selt eller levert ut alkoholholdig drikk (>0,7 vol%) til person(er) under 18 år? <input checked="" type="checkbox"/> nei <input type="checkbox"/> ja ->- av betjening under 18 år? <input checked="" type="checkbox"/> nei <input type="checkbox"/> ja</p> <p>Tid – salsområde: Vart salstidene for alkoholholdig drikk (>0,7vol%) haldne? <input checked="" type="checkbox"/> Ikkje kontrollert <input type="checkbox"/> nei <input type="checkbox"/> ja Vart de konsumert alkoholholdig drikk i sals- / butiklokalet? <input checked="" type="checkbox"/> nei <input type="checkbox"/> ja</p> <p>Andre vilkår: Vart forbodet mot reklame halden? <input type="checkbox"/> nei <input checked="" type="checkbox"/> ja Er øl/rusbrus plassert rett i lokalet – etter gjeldande alkohollov med forskrifter? <input type="checkbox"/> nei <input checked="" type="checkbox"/> ja</p> <p>Merknad:</p>		
Underskrift løyvehavar/ansvarshavande <i>Camilla Bogenveit</i>		Underskrift kontrollør(ar) <i>Marthe Strevito</i>
Til svar markert med kryss i O for ja/nei, må det skrivast merknad/tilleggsrapport		

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
168/15	Formannskapet	PS	03.12.2015

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Emma Hjelmtveit	FE - 033	15/1144

Delegerte saker

Saker

Saksnummer	Tittel
152/15	Ferdigattest gbnr 130/53 - Kalandsneset I medhald av plan- og bygningslova § 21-10, vert det gjeve ferdigattest for heile tiltaket.
150/15	Utsleppsløyve og omlegging av vannledning gbnr 145/13 Det vert godkjent omsøkte ansvarsrettar og tilknytning til etablert utsleppsledning, samt gjeve utsleppsløyve og løyve til flytting av vassledning i medhald av plan- og bygningslova §§ 20-1, 23-3, 29-2, 29-4, 27-1, 27-2 og 27-4, naturmangfaldslova §§ 8-12 og forureiningslova § 11 samt forureiningsforskrifta §§ 12-3 og 12-5.

Framlegg til vedtak:

Delegerte saker vert tekne til orientering

Saksopplysninger:

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
169/15	Formannskapet	PS	03.12.2015

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Emma Hjelmtveit	FE - 033	15/1144

Orienteringssak

Framlegg til vedtak:

Saksopplysninger:

Orientering om Aufera ved dagleg leiar Kari Smith

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
170/15	Formannskapet	PS	03.12.2015
	Kommunestyret	PS	

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Monika Kvamme	FE - 231	15/1046

Betaling for dagsenterplass på Nordliheimen 2016

Framlegg til vedtak:

Austrheim kommunestyre vedtek at betaling for dagsenterplass ved Nordliheimen vert fastsett til kr. 139,- pr. dag for 2016. Dette er ei auke på 3 %

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Betaling for dagsenterplass ved Nordliheimen.

I kommunestyret den 17.12.2014 vart det i sak 137/14 vedteke fylgjande:

Austrheim kommunestyre vedtek at betaling for dagsenterplass ved Nordliheimen vert fastsett til kr. 135,- pr. dag.

Vurdering

Betaling for dagsenterplass ved Nordliheimen vert auka frå kr. 135,- til kr. 139,- pr. dag.

Konklusjon

Austrheim kommunestyre vedtak at betaling for dagsenterplass ved Nordliheimen vert fastsett til kr. 139,- pr. dag for 2016. Dette er ein auke på 3%.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
171/15	Formannskapet	PS	03.12.2015
	Kommunestyret	PS	

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Monika Kvamme	FE - 231	15/1053

Betaling for følgjeteneste for ikkje lovpålagde tenester 2016

Framlegg til vedtak:

Austrheim kommunestyre vedtak å auke eigenandel med 3 % til kr. 86,50 for følgjeteneste i 2016 og kr. 63,- pr. oppdrag der heimetenesta utfører tenesta.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Heimehjelpa kjører av og til brukarar til butikk, frisør og liknande. Dette er ei teneste som ikkje er mykje brukt og den er ikkje lovpålagd.

I kommunestyret sitt møte den 17.12.2014 i sak 138/14 vart fylgjande vedteke:

Austrheim kommunestyre vedtek å auka eigenandel med 4% til kr. 84,- for følgjeteneste i 2015 og kr. 61,- pr. oppdrag der heimetenesta utfører tenesta.

Vurdering

Eigenandelen vert auka frå kr. 84,- til kr. 86,50 for følgjeteneste og frå kr. 61,- til kr. 63,- pr oppdrag der heimetenesta utfører tenesta.

Konklusjon

Austrheim kommunestyre vedtak å auke eigenandel med 3 % til kr. 86,50 for følgjeteneste i 2016 og kr. 63,- pr. oppdrag der heimetenesta utfører tenesta.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
172/15	Formannskapet	PS	03.12.2015
	Kommunestyret	PS	

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Monika Kvamme	FE - 231	15/1059

Betaling for heimetenester 2016

Framlegg til vedtak:

Austrheim kommunestyre vedtek følgjande satsar for betaling av heimetenester for 2016: Husstander med inntekt inntil 2 G (kr. 180.136,-) har ein eigendel pr. månad for heimetenester som vert regulert statleg pr. 01.01.2016.

	Betaling for mnd.:	Timepris
2 – 3 G	Kr. 614,-	Kr. 161,-
3 – 4 G	Kr. 772,-	Kr. 249,-
4 – 5 G	Kr. 1076,-	Kr. 278,-
Over 5 G	Kr. 1362,-	Kr. 313,-

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Austrheim kommunestyre vedtok følgjande satsar for betaling av heimetenester for 2015:

Husstander med inntekt inntil 2 G (kr. 176.740,-) har ein eigendel pr. månad for heimetenester som vert regulert statleg pr. 01.01.2015.

Vurdering

Frå:

Til:

	Bet. Pr. mnd.	Timepris	Bet. Pr. mnd.	Timepris
2 – 3 G	Kr. 596,-	Kr. 156,-	Kr. 614,-	Kr. 161,-
3 – 4 G	Kr. 749,-	Kr. 242,-	Kr. 772,-	Kr. 249,-
4 – 5 G	Kr. 1035,-	Kr. 270,-	Kr. 1076,-	Kr. 278,-
Over 5 G	Kr. 1322,-	Kr. 304,-	Kr. 1362,-	Kr. 313,-

Konklusjon

Austrheim kommunestyre vedtek følgjande satsar for betaling av heimetenester for 2016:
Husstander med inntekt inntil 2 G (kr. 180.136,-) har ein eigendel pr. månad for heimetenester som vert regulert statleg pr. 01.01.2016.

	Betaling for mnd.:	Timepris
2 – 3 G	Kr. 614,-	Kr. 161,-
3 – 4 G	Kr. 772,-	Kr. 249,-
4 – 5 G	Kr. 1076,-	Kr. 278,-
Over 5 G	Kr. 1362,-	Kr. 313,-

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
173/15	Formannskapet	PS	03.12.2015
	Kommunestyret	PS	

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Monika Kvamme	FE - 231	15/1056

Betaling for middag 2016

Framlegg til vedtak:

Austrheim kommunestyre vedtek slik betaling for kjøp av middag 2016:

- hente sjølv kr. 75,-
- heimkjørt kr. 85.-

Saksopplysninger:

Det vert ingen endring for kjøp av middag i 2016

Konklusjon

Austrheim kommunestyre vedtek slik betaling for kjøp av middag 2016:

- hente sjølv kr. 75,-
- heimkjørt kr. 85.-

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
174/15	Formannskapet	PS	03.12.2015
	Kommunestyret	PS	

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Monika Kvamme	FE - 231	15/1047

Betaling for tryggleiksalarm 2016

Framlegg til vedtak:

Austrheim kommunestyre vedtek å auke betalingsatsen med 3 % for tryggleiksalarm for 2016

Saksopplysninger:

Bakgrunn

I kommunestyret sitt møte den 17.12.2014 i sak 141/14 vart fylgjande vedtake:

Austrheim kommunestyre vedtek å auke betalingsatsen med 4% for tryggleiksalarm for 2015

Vurdering

Betalingsatsen for tryggleiksalarm vert auka med 3%

Satsen for brukar vert auka frå kr. 320,- pr. mnd til kr. 330,-

Konklusjon

Austrheim kommunestyre vedtek å auke betalingsatsen med 3% for tryggleiksalarm for 2016.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
175/15	Formannskapet	PS	03.12.2015
	Kommunestyret	PS	

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Torleiv Frotjold	FE - 231	15/1064

Betalingssatsar SFO for 2016

Framlegg til vedtak:

Betalingssatsar for SFO i 2016:

Timetal	Betalingssats
Til og med 10 t/v	Kr. 1 568
10,5 t/v – 14 t/v	Kr. 2 196
Meir enn 14 t/v	Kr. 2 921

Søskkenmoderasjon: Det vert gitt 30% søskkenmoderasjon.

Ekstra dag i SFO: **Kr. 246**

Pris for kjøp av ekstratimar, vert sett **til kr. 42**

Prisane for SFO er justerte opp med 3,5% i høve til prisnivået for 2015.

Saksopplysninger:

I kommunestyresak 143/14 vart det gjort følgjande vedtak om betalingssatsar i SFO for 2015:

Betalingssatsar for SFO i 2015:

Timetal	Betalingssats
Til og med 10 t/v	Kr. 1 515
10,5 t/v – 14 t/v	Kr. 2 122
Meir enn 14 t/v	Kr. 2 823

Søskkenmoderasjon: Det vert gitt 30% søskkenmoderasjon.

Ekstra dag i SFO: **Kr. 238**

Pris for kjøp av ekstratimar, vert sett **til kr. 41**

Prisane for SFO er justerte opp med 3,5% i høve til prisnivået for 2015.

Desse satsane vert indeksregulert kvart år. Rådmannen legg opp til ei prisjustering på 3,5% for 2016.

Vurdering

Justeringa vert vurdert ut frå prognosar for prisvekst komande år, slik dei kjem fram i statsbudsjettet. Med ein prisauke på 3,5% vil ein framleis kunne drive SFO i balanse.

Konklusjon

Prisane for SFO i 2015 vert justerte opp med 3,5% i høve prisnivået i 2015.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
176/15	Formannskapet	PS	03.12.2015
	Kommunestyret	PS	

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Kari Torkildsen Utkilen	FE - 231	15/1062

Avgifter - Austrheim kulturskule 2016

Framlegg til vedtak:

Austrheim kommune aukar elevavgifta med 3% i kulturskulen i 2016.

Avgifta er kr 1390,- per semester for instrumentundervisning og visuelle fag, og det vert gitt 25% søskenmoderasjon.

Avgifta for barnekoret Tiriltunge er kr 360,- per semester, for babysong kr 927,- per semester.

Sal av dirigent/instruktørtenester til kor og korps er kr 257,- per time.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Elevavgifta i Austrheim kulturskule er kr 1350,- per semester og det vert gitt 25% søskenmoderasjon.

For barnekoret Tiriltunge er avgifta kr 350,-, for babysong

kr 900,-. Sal av dirigent/instruktørtenester til kor og korps kr 250,- pr. time.

Vurdering

Austrheim kommune bør auka avgifta i 2016 i tråd med prisvekst på 3%.

Konklusjon

Austrheim kommune aukar elevavgifta med 3% i kulturskulen i 2016.

Avgifta er kr 1390,- per semester for instrumentundervisning og visuelle fag, og det vert gitt 25% søskenmoderasjon.

Avgifta for barnekoret Tiriltunge er kr 360,- per semester, for babysong kr 927,- per semester. Sal av dirigent/instruktørtenester til kor og korps er kr 257,- per time.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
177/15	Formannskapet	PS	03.12.2015
	Kommunestyret	PS	

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Rolf-Henning Myrmel	FE - 231	15/1101

Kloakkavgift 2016

Framlegg til vedtak:

Austrheim kommunestyre vedtek ny kloakkavgift frå 01.01.2016. Avgiftene vert auka med 8%.

Gebyr for tilknytning vert rekna ved godkjend søknad.

Tilknytingsavgift for 2016

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Fastsetjing av kloakkavgift for 2016. Kommunen har utfordrande oppgåver på avløp sektoren i åra framover. Ein rår derfor til ei auke i kloakkavgifta for å møte auka utbyggingar av avløpsnettet.

Vurdering

Kommunen har utfordrande oppgåver på avløp sektoren i åra framover. Ein rår derfor til ei auke i kloakkavgifta for å møte auka utbyggingar av avløpsnettet. Ein rår til ei avgiftsauke på 4 %.

Kloakkavgifta for 2016 vert auka med 8 %. Tilknytingsavgifta vert sett lik tilknytning for vassleidning.

Gebyr for tilknytning vert ved godkjend søknad.

Austrheim kommunestyre vedtek ny kloakkavgift frå 01.01.2016.

	Areal	Avgiftsareal	Årsavgift
Bustad/hytte inntil	90 m ²	80 m ²	2.430,-
Bustad/hytte over	90 m ²	130 m ²	3.953,-
Minsteavgift andre bygg	100 m ²		2.601,-
Bygg med målt forbruk		Pr m ³ 13,-	19,66
Fast avgift målar			1.011,-

Tilknytingsavgift for 2016

	Areal	Avgift inkl. mva
Tilknytning bustad/hytte over		26.395,-
Tilknytning andre bygg pr. m ²		159,-

Folkehelse

Eit godt utbygd avløpsnett er viktig for folkehelsa.

Miljø

Eit godt utbygd avløpsnett er viktig for miljøet.

Konklusjon

Austrheim kommunestyre vedtek ny kloakkavgift frå 01.01.2016. Avgiftene vert auka med 8%. Gebyr for tilknytning vert ved godkjend søknad.

	Areal	Avgiftsareal	Årsavgift
Bustad/hytte inntil	90 m ²	80 m ²	2.430,-
Bustad/hytte over	90 m ²	130 m ²	3.953,-
Minsteavgift andre bygg	100 m ²		2.601,-
Bygg med målt forbruk		Pr m ³ 13,-	19.66

Fast avgift målar			1.011,-
-------------------	--	--	---------

Tilknytingsavgift for 2016

	Areal	Avgift inkl. mva
Tilknytning bustad/hytte over		26.395,-
Tilknytning andre bygg pr. m ²		159,-

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
178/15	Formannskapet	PS	03.12.2015
	Kommunestyret	PS	

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Rolf-Henning Myrmel	FE - 231	15/1105

Renovasjonsavgift 2016

Framlegg til vedtak:

Austrheim kommunestyre vedtek slike renovasjonsgebyr gjeldande frå 01.01.16

Renovasjonsgebyr 2016	Rabatt/tillegg*	Utan heimek.	Med heimek.**
Restavfall kvar 4. veke, 140 liter	-kr 320,00	kr 2 656,00	kr 2 256,00
Restavfall kvar 2. veke, 140 liter	Utgangspunkt	kr 2 976,00	kr 2 576,00
Restavfall kvar 2. veke, 240 liter	kr 320,00	kr 3 296,00	kr 2 896,00
Hytterrenovasjon		kr 1 488,00	

* Rabatt/tillegg for sjeldnare tømning / større dunk er oppgjeve utan mva. Kr 320,00 + mva. = kr 400.

** Rabatt for heimekompostering er kr 400 utan mva / kr 500 med mva.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Renovasjonsgebyr for 2016. Representantskapet i NGIR gjorde vedtak om endra gebyr frå 2015 til 2016.

Renovasjonsgebyret var uendra i perioden 2012-2014 og auka med 2,9 % i 2015. Renovasjonsgebyret

i 2016 må aukast for å dekkja auka kostnader. Auken vil vera mellom 4,3 % og 6,4 % alt etter kva abonnement ein har.

Vurdering

Rådmannen rår til at NGIR sitt framlegg til gebyr vert vedteke.

Folkehelse

Renovasjon er viktig for folkehelse.

Miljø

Renovasjon er viktig for miljø.

Konklusjon

Austrheim kommunestyre vedtek renovasjonsgebyr gjeldande frå 01.01.16.

Renovasjonsgebyr	Rabatt/tillegg*	Utan heimek.	Med heimek.**
2016			
Restavfall kvar 4. veke, 140 liter	-kr 320,00	kr 2 656,00	kr 2 256,00
Restavfall kvar 2. veke, 140 liter	Utgangspunkt	kr 2 976,00	kr 2 576,00
Restavfall kvar 2. veke, 240 liter	kr 320,00	kr 3 296,00	kr 2 896,00
Hytterenovasjon		kr 1 488,00	

* Rabatt/tillegg for sjeldnare tømning / større dunk er oppgjeve utan mva. Kr 320,00 + mva. = kr 400.

** Rabatt for heimekompostering er kr 400 utan mva / kr 500 med mva.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
179/15	Formannskapet	PS	03.12.2015
	Kommunestyret	PS	

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Rolf-Henning Myrmel	FE - 231	15/1104

Slamavgift 2016

Framlegg til vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til tilråding:

Austrheim kommunestyre vedtek gebyr for slamavgift for 2016.

	2016	2016
Årlege avgifter:	Eks. avgift	Inkl. avgift
Bustadhus	1093	1366
Hytter	612	765

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Gebyr for tømning av slamavskiljarar 2016. NGIR har auka gebyr for slam med 8,2% frå 01.01.16

Vurdering

Austrheim kommunestyre vedtek gebyr for slamavgift for 2016.

	2016	2016
Årlege avgifter:	Eks. avgift	Inkl. avgift
Bustadhus	1093	1366

Konklusjon

Austrheim kommunestyre vedtek gebyr for slamavgift for 2016

	2016	2016
Årlege avgifter:	Eks. avgift	Inkl. avgift
Bustadhus	1093	1366
Hytter	612	765

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
180/15	Formannskapet	PS	03.12.2015
	Kommunestyret	PS	

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Rolf-Henning Myrmel	FE - 231	15/1099

Vassavgift 2016

Framlegg til vedtak:

Austrheim kommunestyre vedtek å auke årlege vass og tilknytingsavgifter med 8 % frå 1.1.16

Gebyr for tilknytning vert rekna ved godkjend søknad

Avgiftene for 2016 vert:

Årlege:	Areal- grunnlag m ²	Avgiftsareal	Avgift inkl. mva.
Bustad/hytte inntil	90 m ²	80 m ²	3.154,-
Bustad/hytte over	90 m ²	130	5.122,-
Minsteavgift for andre bygg	100 m ²		3.278,-
Bygg med målt forbruk pr. m ³		Pr. m ³	21.64
Fast avgift målar			1.011,-

Tilknytning bustad/hytte over	90 m ²	26.395,-
Tilknytning vatn pr. m ²		203,-
Tilknytning andre bygg pr. m ²		174,-

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Fastsetjing av vassavgifter for 2016.

Kommunen sitt vassverkfond er oppbrukt og for å dekke inn underskotet på vassavgifta har ein dei siste åra hatt ei høg auke på vassavgifta. Ein har forsett ikkje full dekning og ein rår til at ei for 2016 aukar med 8 % for årsavgifta og tilknytning.

Vurdering

Kommunen sine utgifter på vassforsyningssektoren har auka på grunn av siste års utbyggingar av vassforsyningsnettet. Ein har og auka utfordringar med reparasjonar/brudd på hovudnettet. De siste åra har ein hatt ei høg auke på vassavgifta. Ein har forsett ikkje full dekning og ein rår til at ei for 2016 aukar med 8 % for årsavgifta og tilknytning.

Vassavgift for 2015 er:

	Areal	Avgiftsareal	Årsavgift
Bustad/hytte inntil	90 m ²	80 m ²	2.920,-
Bustad/hytte over	90 m ²	130 m ²	4.743,-
Minsteavgift andre bygg	100 m ²		3.035,-
Bygg med målt forbruk		Pr m ³	20.04
Fast avgift målar			936

Avgiftene for 2016 vert:

Årlege:	Areal- grunnlag m ²	Avgiftsareal	Avgift inkl. mva.
Bustad/hytte inntil	90 m ²	80 m ²	3.154,-
Bustad/hytte over	90 m ²	130	5.122,-
Minsteavgift for andre bygg	100 m ²		3.278,-
Bygg med målt forbruk pr. m ³		Pr. m ³	21.64
Fast avgift målar			1.011,-

Tilknytning bustad/hytte	90 m ²	26.395,-
Tilknytning vatn pr. m ²		203,-
Tilknytning andre bygg pr. m ²		174,-

Folkehelse

Reint vatn er bra for folkehelsa.

Miljø

ØkoKommunen sitt vassverkfond er oppbrukt og for å dekke inn underskotet på vassavgifta har ein dei siste åra hatt ei høg auke på vassavgifta. Ein har forsett ikkje full dekning og ein rår til at ei for 2016 aukar med 8 % for årsavgifta og tilknytningnomi

Konklusjon

Austrheim kommunestyre vedtek å auke årlege vass og tilknytingsavgifter med 8 % frå 1.1.16.

Gebyr for tilknytning vert rekna ved godkjend søknad.

Avgiftene for 2016 vert:

Årlege:	Areal- grunnlag m ²	Avgiftsareal	Avgift inkl. mva.
Bustad/hytte inntil	90 m ²	80 m ²	3.154,-
Bustad/hytte over	90 m ²	130	5.122,-
Minsteavgift for andre bygg	100 m ²		3.278,-
Bygg med målt forbruk pr. m ³		Pr. m ³	21.64
Fast avgift målar			1.011,-

Tilknytning bustad/hytte over	90 m ²	26.395,-
Tilknytning vatn pr. m ²		203,-
Tilknytning andre bygg pr. m ²		174,-

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
181/15	Formannskapet	PS	03.12.2015
	Kommunestyret	PS	

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Rolf-Henning Myrmel	FE - 231	15/1106

Feieavgift 2016

Framlegg til vedtak:

Austrheim kommunestyre vedtek ei auke på 4% for feiing og tilsyn frå 01.01.2016.

Tenesta vert betalt med fast årleg sum som er lik for alle abonnentar. Beløpet er rekna ut som gjennomsnittspris pr.piper

Feiing og tilsyn gjeld berre for hus med montert eldstad/fyringsanlegg.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Feieavgift for 2016. Kommunen har for 2015 ca 1200 piper ,herav er abonnenter som har hus med 2 piper ca 75.

Kommunen har avtale med innleiet firma som utfører feiing og tilsyn av bustadhus.

Vurdering

Feiing og tilsyn vert utført av innleitt firma. Feiinga er behovsprøvd men skal gjennomførast minst ein gang kvart fjerde år. Abonnentane vil derfor oppleve tenesta ulikt, noko som enkelte erfarings messig finn urettferdig. Rådmannen rår til at noverande betalingsystem fortset.

For 2015 er årleg gebyr.

	Grunnlag	Avgift pr.år inkl. avgift
Årleg gebyr for feiing og tilsyn	1 pipe	443,-
Årleg gebyr for feiing og tilsyn	2 piper	671,-

Framlegg til nye satsar 2016.

Satsane vert auka med 4% frå 2015 til 2016.

	Grunnlag	Avgift pr.år inkl. avgift
Årleg gebyr for feiing og tilsyn	1 pipe	461,-
Årleg gebyr for feiing og tilsyn	2 piper	699,-

Konklusjon

Austrheim kommunestyre vedtek slike betalingsatsar for feiing og tilsyn frå 01.01.2016.

	Grunnlag	Avgift pr.år inkl. avgift
Årleg gebyr for feiing og tilsyn	1 pipe	461,-
Årleg gebyr for feiing og tilsyn	2 piper	699,-

Tenesta vert betalt med fast årleg sum som er lik for alle abonnentar. Beløpet er rekna ut som gjennomsnittspris pr.pipe

Feiing og tilsyn gjeld berre for hus med montert eldstad/fyringsanlegg.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
182/15	Formannskapet	PS	03.12.2015
	Kommunestyret	PS	

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Asbjørn Nagell Toft	FE - 231	14/1606

Lokal forskrift om gebyr for tekniske forvaltningsteneste med gebyrsatsar for 2016 - Godkjenning

Vedlegg:

Gebyrregulativet for 2016

Framlegg til vedtak:

Lokal forskrift med gebyrsatsar for teknisk forvaltningsteneste 2016 vert godkjent slik den ligg føre. Gebyrsatsane trer i kraft den 01.01.2016.

Vedtaket er heimla i Plan og bygningslova §33, Lov om eigedomsregistrering (matrikkellova) § 32, Konesjonslov, forskrift om gebyr heimla i forvaltingslova § 27 a, Forskrift nr. 864 heimla i Lov om eigarseksjonar § 7 og Forskrift nr. 98 heimla i Lov om vern mot forureining § 52 og lov om hamner og farvann § 6.

Saksopplysninger:

Gebyr for handsaming etter plan- og bygningslov, matrikkellov, lov om eigarseksjonar, forureiningslov, jordlov og konsesjonssaker vert gjort i medhald av gjeldane lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste i Austrheim kommune.

Kommunane som samarbeider gjennom Nordhordland Digital har felles gebyrmal for handsaming av saker innan teknisk forvaltningssektor, dette gjeld såleis og Austrheim kommune. Nordhordland digitalt er eit organ der 10 kommunar samarbeider om utvikling av e-kommunen, geografiske informasjonssystem (GIS), felles prosedyrar for handtering av plan- og byggjesaker og felles prosedyrar for handtering av oppmålingssaker/matrikkelen og adressering. I samband med tiltenkt revisjon hausten 2014 kom det tilbakemeldingar frå kommunane og fagnettverka om at det var trong for meir erfaring med bruk av gebyrmalen før det var mogleg å gje innspel til ein revisjon. Nordhordland digitalt utsette difor revisjon av gebyrmalen til hausten 2015. Endringane som er tatt inn i gebyrmalen gjennom denne revisjonen kan i hovudtrekk oppsummerast som følgjer:

- Det er gjort ein omarbeiding av kapittel 7 i samsvar med innspel frå plannettverket.

- Kapittel 7 er klargjort for dei varsla endringane i plandelen til plan- og bygningslova. Desse endringane er merka med (ikkje i kraft).
- Henvisninga til pbl § 20-2 er tatt ut av pkt 9.1.3 for å opna for redusert gebyr for mindre tiltak i LNF områder som ikkje fell inn under definisjonen av mindre tiltak i pbl § 20-2.
- Heimelshenvisningar i kapittel 10 er retta i samsvar med endringane i plan- og bygningslova som tredde i kraft 01.07.2015.
- Det er gjort nokre tilføyningar i tiltak i kap. 10.
- Føresegner om godkjenning av føretak for ansvarsrett er oppheva frå 1. januar 2016. Gebyr knytt til ansvarsrett vert difor teke ut av gebyrmalen kapittel 10.
- Det er gjort ein presisering i kapittel 12 om at gebyr for ulovlege tilhøve bare gjeld der det ulovlege tiltaket vert søkt om i ettertid, og arbeid det ikkje kan reknast gebyr for er tatt ut.
- Det er tatt inn eit punkt for omnummerering av festenummer.
- Anløpsavgift etter hamne- og farvasslova er tatt inn i kapittel 16. Det er gjort eit skilje på over/under 70 000 BT tilsvarande som for Bergen og omland hamnevesen.
- Det er teke inn endring av utsleppsløyve i kapittel 17

Kommunen kan krevje gebyr for enkeltsaker i bygge- og dispensasjonssak. Handsaming av klagesaker og tilsyn er lovpålagte oppgåver som kommunen ikkje kan krevje ekstra gebyr for. Desse oppgåvene skal dekkast inn gjennom basisgebyr i ordinære bygge- og dispensasjonssaker. Det er mange saker elles som denne avdelinga i Austrheim kommune ikkje kan få inn gebyrinntekter på, det gjeld kommuneplanarbeid, kommunedelplanar, områdeplanar og uttalar i saker som har med m.a. konsesjonar å gjera som t.d. kraftleidningsaker og havbruksaker m.m. Veildning, informasjon og rettleiing er og noko kommunen gjer i tråd med forvaltingslova og god forvaltningsskikk og som kommunen heller ikkje tek gebyr for.

Målet er at gebyrinntektene skal dekke kostnadene med arbeidet med sakshandsaminga ved dei ulike tenestene i avdelinga for plan, bygg, oppmåling og miljø. Avgiftsgrunnlaget er alltid usikkert. Endringane i byggesaksdelen til plan- og bygningsloven som tredde i kraft 1. juli i år må no innarbeidast i gebyrmalen. Samstundes må det leggjast til rette for endringar som gjeld godkjenning av ansvarsrett som trer i kraft 1. januar 2016.

Gebyrinntektene i 2016 er og avhengig av tal saker som kjem inn og utfallet av kommuneplanarbeidet som kan avgjera om ein søknad frå ein bestemt stad er dispensasjon eller ikkje. Det vert truleg ein nedgang i gebyrinntekter på grunn av nedgangstidene i næringslivet i regionen og mindre dispensasjonsaker.

Vurdering:

Rådmannen vil informera om at målet for ein felles gebyrmaal i Nordhordland er at alle kommunane skal kunne nytte gebyrmalen utan å endra den for ofte. Det er difor viktig at gebyrmalen inneheld alle tenester det er aktuelt å krevje gebyr for i den aktuelle kommunen. Så er det opp til den einskilde kommune å setje gebyrsatsen til kr. 0 om det er tiltak der kommunen ikkje ynskjer å krevje sakshandsamingsgebyr. Ved revisjon av gebyrmalen er difor utgangspunktet at innspel som gjeld trong for nye gebyrtypar skal takast inn. Rådmannen vil peika på at i tråd med målet om at gebyrinntektene skal dekke arbeidskostnadene ved dei ulike tenestene, vert det lagt fram forslag om auke i gebyrsatsane. I samsvar med kommunen sin økonomi og handlingsrom framover vert det difor gjort framlegg om å auke gebyra knytt til plan- og byggesaksdelen av plan- og bygningslova, matrikkellova og forureiningslova generelt med omlag 5 %.

Rådmannen vil opplyse om at handsaming av klagesaker og tilsyn er lovpålagte oppgåver som

kommunen ikkje kan krevje ekstra gebyr for. Desse oppgåvene skal dekkast inn gjennom basisgebyr i ordinære bygge- og dispensasjonssaker. I 2015 har kommunen opplevd mange saker som krev dispensasjon frå arealdel av gjeldane planar, og byggeforbodet i 100 metersbeltet langs sjø. Dette er saker som krev mykje resursar pr. sak, dei som vert påklaga går vidare til Fylkesmannen i Hordaland til endeleg avgjerd. Utfallet av kommuneplanarbeidet vil truleg føra til færre slike dispensasjonsaker i 2016.

Gebyr for handsaming av saker etter plan- og bygningslova er ein god del lågare i Austrheim enn i andre kommunar i Nordhordland, som til dømes Meland og Lindås kommune. Dette vil det vera framleis, men det er viktig å peika på at kompleksiteten er større i tettstadar som Knarvik og Frekhaug, her vert det gjerne og meir omfattande klagesaker å handsama.

Rådmannen meiner at det ikkje er naturleg å auka gebyr for utsleppsløyvet etter forureiningslova frå hus som alt har utsleppsløyve frå gammalt av (eller som i praksis har hatt eit utslepp i lang tid frå bustaden sin). Utskifting, restaurering og vedlikehald av eksisterande anlegg som ikkje er søknadspliktig tiltak tek sjølvstilt ikkje kommunen gebyr på i dag. Rådmannen vil peika på at det er viktig at oppgraderingar av eldre avlaupsanlegg vert rimeleg for dei som faktisk vil gjera ein jobba med å utbetra anlegget sitt av omsyn til miljø og naboar m.m.

Rådmannen ser at storleiken på gebyrinntektene varierer frå år til år, utifrå byggjeaktiviteten, delingsakene og omfanget av dei private detaljreguleringane. Med bakgrunn i endringar som gjer at ein del tiltak vert unnateke frå søknadsplikt i 2016, meiner rådmannen at satsane bør aukast med om lag 5 % for å nærma oss målet om å dekkja meir av arbeidskostnadane på avdelinga for plan, bygg, oppmåling og miljø.

For 2016 gjer difor rådmannen framlegg om å auke gebyra knytt til plan- og bygningslova, matrikkellova (oppmåling) og forureiningslova med om lag 5 %, jf. vedlagt rekneark med oppsett. Sjølv med 5 % auke kjem Austrheim kommune gunstig ut, samanlikna med andre kommunar i Nordhordland. Rådmannen rår til at gebyrregulativet for 2016 vert godkjent slik det ligg føre i vedlegg.

Konklusjon:

Lokal forskrift med gebyrsatsar for teknisk forvaltningsteneste 2016 vert godkjent slik den ligg føre. Gebyrsatsane trer i kraft den 01.01.2016.

LOKAL FORSKRIFT OM GEBYR FOR TEKNISK FORVALTNINGSTENESTE (GEBYRREGULATIV) FOR AUSRHEIM KOMMUNE

1 INNHOLD

1	INNHOLD.....	1
2	HEIMEL	3
3	IVERKSETTING.....	3
4	GENERELLE REGLAR.....	3
4.1	Betalingsplikt.....	3
4.2	Kva for regulativ skal nyttast.....	3
4.3	Fastsetting av gebyr	4
4.4	Betalingstidspunkt.....	4
4.5	Avbrote arbeid.....	4
4.6	Mangelfull sak	4
4.7	Avvist sak	4
4.8	Kommunen sine kostnader til fagkunnig hjelp.....	5
4.9	Gebyr til statlege etatar	5
4.10	Vintersesong (matrikkelforskrifta § 18 3. ledd).....	5
4.11	Oppmålingsforretning utført av rekvirent med kvalifisert landmålar (matrikkellova § 5A) ...	5
4.12	Søknad om redusert gebyr.....	5
4.13	Klage	5
4.14	Endring av regulativet	5
5	TENESTER SOM SKAL BETALAST ETTER MEDGÅTT TID	6
5.1	Timepris.....	6
6	DIGITALT KARTGRUNLAG	6
7	PLANSAK.....	7
7.1	Førehandskonferanse.....	7
7.2	Private forslag til reguleringsplan (pbl kap 12)	7
7.3	Endring av reguleringsplan (pbl kap 12).....	7
8	UTBYGGINGSAVTALE (pbl kap 17) OG REFUSJONSSAK (pbl kap 18).....	8
9	DISPENSASJONSAK (pbl kap 19)	8
10	SØKNADSPLIKTIGE TILTAK (BYGGESAK) (pbl kap 20)	9

10.1	Førehandskonferanse.....	9
10.2	Tiltak som krev bruk av kvalifisert føretak (pbl § 20-3 jf. § 20-1).....	9
10.3	Tiltak som tiltakshavar sjølv kan søkje om (pbl § 20-4).....	11
11	OPPRETTING AV NY EIGEDOM (DELINGSSAK)(pbl § 20-1 m)	12
12	ULOVLEGE TILTAK (pbl kap 32).....	12
12.1	Sakshandsaming	12
13	HANDSAMING ETTER MATRIKKELLOVA	13
13.1	Etablering av ny matrikkeleining	13
13.2	Areal-/volumoverføring.....	13
13.3	Innløysing av festetomt og omnummerering av festenummer	13
13.4	Justering av grense	13
13.5	Klarlegging av eksisterande grense	13
13.6	Klarlegging av rettar/servituttar, og matrikkelføring av privat avtale om grenser	14
13.7	Etablering og endring av uteareal til eigarseksjon	14
13.8	Registrering av jordsameige	14
13.9	Matrikkelbrev (statleg fastsett gebyr).....	15
13.10	Avbrot i rekvirert arbeid	15
13.11	Oppmålingsforretning som vert utført av rekvirent med kvalifisert landmålar (matrikkellova § 5A), jf regulativet pkt 4.11.....	15
14	HANDSAMING ETTER LOV OM EIGARSEKSJONAR (kap 2).....	16
14.1	Krav om seksjonering eller reseksjonering av eigedom	16
15	HANDSAMING ETTER KONSESJONSLOVA (kap 5) OG JORDLOVA (§ 12).....	16
15.1	Konsesjon	16
15.2	Deling etter jordlova.....	16
16	HANDSAMING ETTER HAMNE- OG FARVASSSLOVA (kap 4).....	16
16.1	Delegert mynde (ALTERNATIV 1).....	16
16.2	Søknad om løyve etter hamne- og farvasslova (ALTERNATIV 2).....	Feil! Bokmerke er ikke definert.
16.3	Anløpsavgift i kommunale hamnar	Feil! Bokmerke er ikke definert.
17	HANDSAMING ETTER UREININGSLOVA.....	Feil! Bokmerke er ikke definert.
17.1	Opprydding i ureina grunn ved bygge- og gravearbeid (ureiningsforskrifta kap 2).....	17
17.2	Søknad om utslepp frå mindre avlaupsanlegg (ureiningsforskrifta kap 12)	17
17.3	Kontroll av avløpsanlegg (ureiningslova kap 7 og ureiningsforskrifta § 12-2)	17

2 HEIMEL

Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vedteke med heimel i:

- *Lov om planlegging og byggesaksbehandling (pbl) av 27. juni 2008 § 33-1*
- *Lov om eigedomsregistrering av 17. juni 2005 (matrikkellova) § 32 og Forskrift av 26. juni 2009 nr 864 (matrikkelforskrifta) § 16*
- *Lov om eierseksjoner av 20. mars 1997 § 7*
- *Lov om vern mot forurensning av 13. mars 1981 nr 6 § 52 a og Forskrift av 5. mai 2003 nr 1909 om delegering av myndighet til kommunene etter forurensningsloven*
- *Lov om behandlingmåter i forvaltningssaker § 27 a og Forskrift av 14. desember 2011 nr 1336 om gebyr for behandling av konsesjonssaker m.v.*
- *Lov om havner og farvann av 17. april 2009 § 6 og § 25 og Forskrift om kommunenes beregning og innkreving av anløpsavgift*

3 IVERKSETTING

Gebyrregulativet vedteke av Kommunestyret i Austrheim kommune den og gjeld frå den 01.01.2016.

Gebyrregulativet avløyse tidlegare gjeldande regulativ med det siterte heimelsgrunnlaget.

4 GENERELLE REGLAR

4.1 Betalingsplikt

Den som får utført tenester etter dette regulativet, skal betale gebyr i samsvar med satsane og føresegnene i regulativet. Gebyrkravet skal rettast mot heimelshavar, tiltakshavar, rekvirent eller den som har bede om å få utført aktuelt arbeid.

Kommunen skal av eige tiltak betala attende gebyr der kommunen har kravd og motteke for mykje i gebyr. Det kan ikkje krevjast rentetillegg for for mykje betalt gebyr.

Gebyr skal vera betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato. Ved for sein betaling kan kommunen krevja eit purregebyr på 10 % av rettsgebyret. Må kommunen purra fleire gonger, skal kommunen i tillegg til purregebyr krevja forsinkelsesrenter frå forfallsdato i samsvar med forsinkelsesrentelova (Lov om renter ved forsinket betaling m.m av 17. desember 1976).

Det skal betalast fullt gebyr sjølv om det vert gjeve avslag på søknad.

Blir seksjoneringsbegjæring avvist skal tinglysingsgebyret og halve sakshandsamingsgebyret betalast attende til rekvirent, jf eierseksjonslova § 7 (5).

4.2 Kva for regulativ skal nyttast

Gebyr skal reknast ut etter det regulativet som er/var gjeldande den datoen kommunen har motteke alle dokument i saka og med den kvalitet som kommunen krev for å handsama saka.

For saker som medfører fleire sjølvstendige avgjerdstrinn skal ein nytta det gebyrregulativet som er/var gjeldande når føresetnadene for å handsama neste ledd i sakshandsaminga er til stades.

Gebyr som skal reknast ut etter timesatsar, skal relaterast til gjeldande satsar då arbeidet blei utført.

4.3 Fastsetting av gebyr

Gebyr etter dette regulativet er faste gebyr til dekking av kommunen sine gjennomsnittskostnader med ei sak som er fullstendig tilrettelagt frå søkjar si side.

Gebyr vert fastsett som eit basisgebyr + eventuelle faste tilleggsgebyr.

I tiltakssaker (byggesak) vert gebyr fastsett pr tiltak.

Førebels fastsetjing av gebyr for plansak (basisgebyr + fast tilleggsgebyr) skal skje i obligatorisk oppstartsmøte.

For bygge- eller delingssak der det er naudsynt med dispensasjonshandsaming eller samtykke etter jordlova, kjem gebyr for dispensasjon og/eller jordslovshandsaming i tillegg til vanleg sakshandsamingsgebyr.

Gebyr for ulovlege tiltak kjem i tillegg til vanleg sakshandsamingsgebyr for byggesak.

Gebyr for utsleppsløyve kjem i tillegg til vanleg sakshandsamingsgebyr for byggesak.

Kommunen kan velje å rekne gebyr etter medgått tid i staden for fast gebyr, der gebyr etter medgått tid overstig fast sats. Gebyr vert då fastsett ved enkeltvedtak.

Kommunen sine kostnader til tilsynsoppgåver etter plan- og bygningslova utgjer 10 % av gebyr for tiltakssaker, jfr pbl § 33-1.

Gebyr for handsaming etter Lov om havner og farvann kjem i tillegg til vanleg sakshandsamingsgebyr. For kommunar som har delegert mynde til Bergen og omland havnevesen vert gebyret fakturert direkte frå Bergen og omland havnevesen.

4.4 Betalingstidspunkt

Kommunen kan krevje at tilhøyrande gebyr skal vera betalt før sakshandsaminga tek til, jf matrikkelforskrifta § 16(5) og plan- og bygningslova § 21-4(6).

For plansaker, medrekna utbyggingsavtalar og planprogram mm, skal gebyr vere betalt før saka vert lagt ut til offentleg ettersyn.

For saker der gebyr vert rekna etter medgått tid vert gebyr fakturert etterskotsvis.

Kommunen sine utlegg til fagkunnig hjelp, jf pkt 4.6, kan ved store oppdrag fakturerast månadsvis.

Klage på gebyr eller søknad om fritak for å betale gebyr, medfører ikkje rett til lengre betalingsfrist.

4.5 Avbrote arbeid

Når kommunen sitt arbeid blir avbrote av rekvirent/søkjar skal det betalast gebyr i høve til det som er utført, etter timesats eller etter sats som for avvist / mangelfull sak.

4.6 Mangelfull sak

Dersom motteke sak er så mangelfull at kommunen ikkje finn å kunne handsame ho skal saka verta arkivert utan handsaming, og med melding til søker. Det vert å betale gebyr for mangelfull sak.

4.7 Avvist sak

Dersom motteke sak er i strid med føresegn gjeve i plan, lov eller forskrift kan kommunen treffe vedtak om avvising. Det vert å betale gebyr for avvist sak.

4.8 Kommunen sine kostnader til fagkunnig hjelp

Når kommunen må hyra inn fagkunnig hjelp i sakshandsaminga kan kommunen, i tillegg til gebyret, krevje å få refundert utlegga av den som skal betala saksgebyret.

4.9 Gebyr til statlege etatar

Der kommunen skal krevja inn gebyr til statlege etatar for saker etter dette regulativet, skal utskrivning og innkrevjing av kommunale og statlege gebyr skje samordna.

Kostnader som kommunen vert påført i samband med innhenting av relevante opplysningar i knytt til oppmålingsforretning, og eventuelt tinglysningsgebyr og dokumentavgift, skal dekkast av rekvirenten.

4.10 Vintersesong (matrikkelforskrifta § 18 3. ledd)

Perioden 01.12 - 31.03 skal reknast som vintersesong i høve til forskriftfesta frist for fullføring av oppmålingsforretning.

4.11 Oppmålingsforretning utført av rekvirent med kvalifisert landmålar (matrikkelova § 5A)

Når det er ønskjeleg for kommunen, kan kommune ved skriftleg avtale overlata til rekvirent å utføre sjølve oppmålingsforretninga eller teknisk del av denne. Arbeidet skal utførast av kvalifisert landmålar, godkjent av kommunen. I avtalen skal det m.a. fastsetjast arbeidsdeling og samhandlingsrutinar. Jf. gebyrregulativet pkt 13.9.

4.12 Søknad om redusert gebyr

Når særlege grunnar ligg føre kan det søkjast om redusert gebyr. Søknad om redusert gebyr skal være grunngjeven. Personlege og/eller sosiale tilhøve vert ikkje rekna som særleg grunn.

Fastsetting av redusert gebyret skal skje ved enkeltvedtak.

4.13 Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret.

Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Kommunal klagenemnd er klageinstans.

Gebyr som etter denne forskrifta er fastsett ved enkeltvedtak kan det klagast over i samsvar med forvaltningslova kap VI. Fylkesmannen er klageinstans.

Klage skal vere grunngjeven.

4.14 Endring av regulativet

Kommunestyret vedtek endringar i gebyrregulativet, normalt i samband med kommunestyret si handsaming av budsjettet for komande år. Ved endringar skal ein avrunda satsane. Satsar under kr. 1 000 skal ein avrunda til heile 10 kroner og satsar frå kr. 1 000 til heile hundre kroner.

5 TENESTER SOM SKAL BETALAST ETTER MEDGÅTT TID

5.1 Timepris

For gebyr som skal betalast etter medgått tid, jfr pkt 4.3, skal ein bruke følgjande timesatsar:

5.1.1	Kontorarbeid	880
5.1.2	Feltarbeid	1 100

6 DIGITALT KARTGRUNLAG

Betaling for kartdata vert rekna ut i samsvar med kommunen sin Geovekstavtale for basiskart. Sjå www.statkart.no.

7 PLANSAK

7.1 Førehandskonferanse

7.1.1	Førehandskonferanse	0
-------	---------------------	---

7.2 Private forslag til reguleringsplan (pbl kap 12)

7.2.1	Obligatorisk oppstartsmøte	5 500
7.2.2	Basisgebyr plansak (inkludert inntil to møte)	33 000
7.2.3	Fast tilleggsgebyr plansak	
	a) Areal planområde over 25 daa. Per 25 daa Areal som styresmakt har kravd inn i planområdet skal ikkje reknast med. Kommunen avgjer kva areal som ikkje vert rekna med.	5 300
	b) Bygningsareal. Per 1000 kvm BRA	1 000
	c) Sentrumsformål	16 500
	d) Næringsformål	11 000
	e) Privat områderegulering (ikkje i kraft)	0
	f) Plan som utløyser særskilte krav til utgreiingar, men utan krav til KU	5 000
	g) Planforslag i strid med overordna plan	33 000
7.2.4	Tilleggsmøte, per møte	0
7.2.5	Tilleggsgebyr for melding til forslagsstillar om manglar ved innlevert planframlegg	1 700
7.2.6	Tilleggsgebyr for kommunen sitt arbeid med å rette innlevert planframlegg etter avtale med forslagsstillar. Medgått tid, men minstegebyr:	2 200
7.2.7	Avvist plansak etter oppstart (ikkje i kraft)	1 700
7.2.8	Godkjenning av konsekvensutgreiing (jf pbl kap 4)	5 000
7.2.9	Godkjenning av planprogram (jf pbl kap 4)	5 000

7.3 Endring av reguleringsplan (pbl kap 12)

7.3.1	Små endringar i reguleringsplan (jf pbl § 12-14)	4 400
7.3.2	Mindre endring i reguleringsplan (jf pbl § 12-14)	13 600

7.3.3	Endringer som skal handsamast av kommunestyret	22 000
7.3.4	Tilleggsgebyr for melding til forslagsstillar om manglar ved innlevert endringsforslag	2 200
7.3.5	Tilleggsgebyr for kommunen sitt arbeid med å rette innlevert endringsforslag etter avtale med forslagsstillar. Medgått tid, men minstegebyr:	2 200

8 UTBYGGINGSAVTALE (pbl kap 17) OG REFUSJONSSAK (pbl kap 18)

8.1.1	Utbyggingsavtale	Medgått tid
8.1.2	Refusjonssak	Medgått tid

9 DISPENSASJONSAK (pbl kap 19)

9.1.1	Dispensasjon som gjeld byggeforbod i strandsone, pbl § 1-8	13 600
9.1.2	Dispensasjon som gjeld arealføremål i plan	13 600
9.1.3	Dispensasjon som gjeld arealformål LNF for mindre tiltak på bygd eigedom, utanfor 100 m beltet til sjø eller vassdrag.	4 300
9.1.4	Dispensasjon som gjeld plankrav eller rekkefølgekrav i plan	13 600
9.1.5	Andre dispensasjonar frå plan, lov eller forskrift	13 600
9.1.6	Dispensasjonsvurdering i samband med søknad om tiltak, der det for mindre enn tre år sidan er gjeve dispensasjon for deling	13 600
9.1.7	Mellombels dispensasjon (reversibelt)	13 600
9.1.8	Mangelfull sak m/melding til søker	1 700
9.1.9	Avvist sak	1 700
9.1.10	Søknad om dispensasjon som vert trekt av søker	1 700

10 SØKNADSPLIKTIGE TILTAK (BYGGESAK) (pbl kap 20)

10.1 Førehandskonferanse

10.1.1	Førehandskonferanse	0
--------	---------------------	---

10.2 Tiltak som krev bruk av kvalifisert føretak (pbl § 20-3 jf. § 20-1)

10.2.1	Basisgebyr bygg for bustad / fritidsbustad Jf. pbl § 20-1 a-e, g og j. Oppføring. Tilbygg/påbygg/underbygg. Vesentlig endring og reparasjon. Rivning. For tilleggseining i einebustad skal det betalast 50 % av basisgebyr. I fleirmannsbustadar skal det betalast 100 % av basisgebyr frå om med bustadeining nr 1 til og med nr 4, 50 % av basisgebyr frå og med bustadeining nr 5 til og med nr 10, og 20 % av basisgebyret frå og med bustadeining nr 11.	11 000
10.2.2	Basisgebyr asylmottak/hybelbygg/pensjonat/hotell Jf.pbl. § 20-1a-e, g og j. Oppføring. Tilbygg/påbygg/underbygg. Vesentlig endring og reparasjon. Rivning. Per eining/rom: 1000	11 000
10.2.3	Basisgebyr bygg for industri /næring /tenesteyting landbruk/ publikum Jf. pbl § 20-1 a-e og j. Oppføring. Tilbygg/påbygg/underbygg. Vesentlig endring og reparasjon. Rivning.	11 000
10.2.4	Fast arealtillegg for bygg etter pkt. 10.2.3	6,-/m ²
10.2.5	Basisgebyr fellesbygg Jf. pbl § 20-1 a-e og j. Oppføring. Tilbygg/påbygg/underbygg. Vesentlig endring og reparasjon. Rivning. Felles naust, sjøbod, bod, parkering, o.l. Gjeld frittliggjande fellesanlegg og fellesanlegg i tilknytning til andre bygg (t.d i kjellar). Gebyr pr eining/p-plass. 100 % av basisgebyr frå om med eining nr 1 til og med nr 5, 50 % av basisgebyr frå og med eining nr 6 til og med nr 10, og 20 % av basisgebyret frå og med eining nr 11.	5 500
10.2.6	Basisgebyr konstruksjonar og anlegg Jf. pbl § 20-1 a-l. Oppføring. Tilbygg/påbygg/underbygg. Vesentlig endring og reparasjon. Rivning.	6 900

	Veganlegg, parkeringsplass og landingsplass, VA-anlegg, jordtippar, massetak, terrenginngrep og planering, innhegning og støttemur, hamne- og kaianlegg.	
10.2.7	Bygningstekniske installasjoner Jf. pbl. § 20-1 f. Separat søknad om oppføring, endring og reparasjon.	6 900
10.2.8	Basisgebyr andre bygninger, konstruksjoner og anlegg Oppføring av enkeltstående garasje/carport, naust, uthus/bod, terrasse og liknande. Kai/flytebruggje/molo inn til 15 kvm. Basseng. Antenne/mast/skilt. Innhegning mot veg. Separat søknad om mindre anlegg/konstruksjoner og terrenginngrep på bygd eiendom. Separat søknad om enkle byggtekniske installasjoner. T.d ventilasjonsanlegg og pipe i bustad. Tilbygg som ikkje gjev ny brukseining eller vesentleg endrar eksisterande bygning. Fasadeendring og annan mindre endring/reparasjon som ikkje gjev ny brukseining eller vesentleg endrar eksisterande bygning. Riving av tiltak som nemnd i dette punktet. Bruksendring frå tilleggsdel til hovuddel innafor ei brukseining.	6 900
10.2.9	Basisgebyr bruksendring Gebyr vert rekna ut i frå det føremålet det vert endra til.	Som for ny sak
10.2.10	Delt sakshandsaming T.d: Igangsetjingsløyve. Endringar i løyve. Mellombels bruksløyve.	3 300
10.2.11	Avvist sak	1 700

10.3 Tiltak som tiltakshavar sjølv kan søkje om (pbl § 20-4)

10.3.1	Basisgebyr Jf. pbl § 20-4 og SAK10 §§ 3-1 og 3-2 Oppføring. Endring og reparasjon. Rivning. Tilbygg < 50 kvm. Frittliggjande uthus/garasje på bygd eigedom < 70 kvm. Mindre skilt/reklame/antennesystem på bygd eigedom. Bruksendring frå tilleggsdel til hovuddel innafor ei brukseining. Driftsbygning i landbruket < 1000 kvm Tilbygg til driftsbygning i landbruket (totalareal < 1000 kvm) Midlertidige bygningar/konstruksjonar/anlegg inn til 2 år	6 900
10.3.2	Basisgebyr for saker som ikkje krev oppdatering av kart/matrikkel T.d: Mindre murar. Fasadeendring.	3 300
10.3.3	Mangelfull sak m/melding til søker	0
10.3.4	Avvist sak	0

11 OPPRETNING AV NY EIGEDOM (DELINGSSAK)(pbl § 20-1 m)

11.1.1	Deling i samsvar med grenser fastsett i godkjent reguleringsplan.	2 800
11.1.2	Deling i samsvar med arealformål, men:	
	a) der grensene ikkje er fastsett i godkjent plan	5 800
	b) der området er uregulert	5 800
	c) der grensene ikkje er i samsvar med grenser i godkjent plan	5 800
11.1.3	Deling som ikkje er i samsvar med arealformål	5 800
11.1.4	Oppretting av ny anleggseigedom	5 800
11.1.5	Mangelfull sak m/melding til søker	0
11.1.6	Avvist sak	0

12 ULOVLEGE TILTAK (pbl kap 32)

12.1 Sakshandsaming

Gebyr for oppfølging av ulovlege tilhøve kjem i tillegg til ordinære sakshandsamingsgebyr der det ulovlege tiltaket vert søkt om i ettertid.

12.1.1	Avdekking/påvising av ulovleg tiltak Registrering. Gjennomgang av arkiv og kartgrunnlag. Synfaring. Kontakt med tiltakshavar. Etter medgått tid, minstegebyr:	2 800
12.1.2	Vedtak med pålegg om retting eller stans (pbl § 32-3 og 32-4) Kostnader med tinglysing kjem i tillegg.	2 800
12.1.3	Vedtak om tvangsmulkt (pbl § 32-5)	2 800

13 HANDSAMING ETTER MATRIKKELLOVA

13.1 Etablering av ny matrikkeleining

13.1.1	Basisgebyr for etablering av grunneigedom, festegrunn og punktfeste	11 600
13.1.2	Fast arealtillegg	
	a) Areal frå 201 til og med 3 000 m ²	13 800
	b) Areal frå 3 001 til og med 20 000 m ²	18 900
	c) Areal frå og med 20 001 m ² , medgått tid, minstetillegg:	21 000
13.1.3	Tillegg for oppretting av matrikkeleining utan fullført oppmålingsforretning	2 100
13.1.4	Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn	Som for etablering
13.1.5	Oppretting av matrikkeleining utan markarbeid	75 % av aktuell sats
13.1.6	Oppretting av anleggseigedom	Etter avtale

13.2 Areal-/volumoverføring

13.2.1	Basisgebyr arealoverføring	11 600
13.2.2	Fast arealtillegg	
	a) Areal frå og med 501 m ² til og med 3 000 m ²	13 800
	b) Areal frå og med 3 001 m ² til og med 20 000 m ²	18 900
	c) Areal frå og med 20 001 m ² , medgått tid, minstetillegg:	21 000
13.2.3	Volumoverføring for anleggseigedom	Etter avtale

13.3 Omnummerering av festenummer

13.3.1	Omnnummerering av festenummer	1 700
--------	-------------------------------	-------

13.4 Justering av grense

13.4.1	Justering av eksisterande grense for grunneigedom, festegrunn og jordsameige	11 000
13.4.2	Justering av eksisterande grense for anleggseigedom	Etter avtale

13.5 Klarlegging av eksisterande grense

13.5.1	Basisgebyr for klarlegging av eksisterande grense i samsvar med grense som er koordinatbestemt ved tidlegare oppmålingsforretning , eller tilsvarande forretning etter anna eller tidlegare lovgjeving. Inn til 4 punkt. Avvik inntil 10 cm, jf matrikkelforskrifta § 36, 2.ledd.	6 600
13.5.2	Tilleggsgebyr pr overskytande punkt (frå og med punkt 5)	1 700
13.5.3	Basisgebyr for klarlegging av eksisterande grense der grense ikkje er i samsvar med det som tidlegare er koordinatbestemt eller ikkje er koordinatbestemt Inn til 4 punkt.	10 000
13.5.4	Tilleggsgebyr pr overskytande punkt (frå om med punkt 5)	1 700
13.5.5	Basisgebyr ved uavklarte grensepunkt	Gebyr som for etablering

13.6 Klarlegging av rettar/servituttar, og matrikkelføring av privat avtale om grenser

13.6.1	Klarlegging av rettar og servituttar, etter medgått tid, minstegebyr kr:	4 200
13.6.2	Matrikkelføring av privat avtale om grenser, etter medgått tid, minstegebyr:	3 200

13.7 Etablering og endring av uteareal til eigarseksjon

13.7.1	Basisgebyr	
	a) Areal frå 0 til og med 50 m ²	10 100
	b) Areal frå 51 til og med 250 m ²	12 100
	c) Areal frå 251 til 2 000 m ²	14 300
	d) Areal frå og med 2 001 m ²	14 300

13.8 Registrering av jordsameige

13.8.1	Registrering av eksisterande, uregistrert jordsameige	Medått tid
13.8.2	Endring i registrert sameigefordeling	Medgått tid

13.9 Matrikkelbrev (statleg fastsett gebyr)

13.9.1	Matrikkelbrev inntil 10 sider	200
13.9.2	Matrikkelbrev over 10 sider	400

13.10 Avbrot i rekvirert arbeid

13.10.1	Avbrot forårsaka av rekvirent, medgått tid, minstegebyr:	4 300
13.10.2	Avvist sak, medgått tid, minstegebyr:	1 700
13.10.3	Mangelfull sak m/ melding til søker, medgått tid, minstegebyr:	1 700

13.11 Oppmålingsforretning som vort utført av rekvirent med kvalifisert landmålar (matrikkelova § 5A), jf regulativet pkt 4.11

13.11.1	Tilrettelegging av datagrunnlag (kommunen sitt ansvar)	10 %
13.11.2	Administrativ del av oppmålingsforretninga og tilhøyrande dokumentasjon	40 %
13.11.3	Teknisk arbeid og dokumentasjon	15 %
13.11.4	Kontroll av punkt 2 og 3, og matrikkelføring (kommunen sitt ansvar)	35 %
13.11.5	Ved mangelfull dokumentasjon, kommunen sin kontroll og påpeiking av manglar: etter medgått tid, minstegebyr	0

HANDSAMING ETTER LOV OM EIGARSEKSJONAR (kap 2)

13.12 Krav om seksjonering eller reseksjonering av eiendom

13.12.1	Sak som krev synfaring	5 rettsgebyr
13.12.2	Sak som ikkje krev synfaring	3 rettsgebyr
13.12.3	Tilleggsgebyr for utarbeiding av matrikkelbrev for grunnareal som en del av ein seksjon	Gebyr etter reglane om tildeling og endring av uteareal til eigarseksjon.

14 HANDSAMING ETTER KONSESJONSLOVA (kap 5) OG JORDLOVA (§ 12)

14.1 Konesjon

14.1.1	Konesjon (maksimumsgebyr)	5 000
14.1.2	Konesjon (kjøpesum under kr. 750.000)	2 000

14.2 Deling etter jordlova

14.2.1	Delingssamtykke etter jordlova § 12 (maksimumsgebyr)	2 100
--------	--	-------

15 HANDSAMING ETTER HAMNE- OG FARVASSSLOVA (kap 4)

15.1 Delegert mynde

Austrheim kommune har delegert mynde sitt etter havne- og farvannsloven, med heimel i havne- og farvannsloven § 10, til Bergen og Omland havnvesen (BOH).

For søknad om løyve til tiltak i sjø, jf havne- og farvannslova § 27, skal det betalast gebyr til Bergen og omland havnevesen. Gebyrsatsar er vedteke med heimel i havne- og farvannsloven §6, i *Lokal forskrift om saksbehandlingsgebyr for Bergen og Omland Havnevesen av 08.12.2011.*

16 HANDSAMING ETER UREININGSLOVA

16.1 Opprydding i ureina grunn ved bygge- og gravearbeid (ureiningsforskrifta kap 2)

16.1.1	Etter medgått tid, minstegebyr kr:	4 200
--------	------------------------------------	-------

16.2 Søknad om utslepp frå mindre avlaupsanlegg (ureiningsforskrifta kap 12)

16.2.1	Utsleppsløyve	
	a) For utsleppet kalkulert til inntil 50 PE	4 200
	b) For utsleppet kalkulert til mellom 51 og 2000 PE til ferskvatn/elv og 10 000 til sjø	7 300
	c) For utsleppet kalkulert til større enn 2001 PE til ferskvatn / elv og 10 000 PE til sjø	10 500
16.2.2	Fornya søknad innan 3 månader og før anlegget er etablert	50 % av ny søknad
16.2.3	Søknad om endra utslepp ved endring eller oppgradering av eksisterande avlaupsanlegg	3 200
16.2.4	Mangelfull sak m/melding til søker	0
16.2.5	Avvist sak	0

16.3 Kontroll av avløpsanlegg (ureiningslova kap 7 og ureiningsforskrifta § 12-2)

16.3.1	Kontroll	
	a) Anlegg der utsleppet er < 50 PE	3 300
	b) Anlegg der utsleppet er mellom 50 og 2000 PE til ferskvatn/elv og 10 000 til sjø	6 200
	c) Anlegg der utsleppet er større enn 2000 PE til ferskvatn / elv og 10 000 PE til sjø	10 000

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
183/15	Formannskapet	PS	03.12.2015

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Asbjørn Nagell Toft	Gbnr - 155/10	15/975

Frådeling av eksisterande våninghus på landbrukseigedom gbnr. 155/10 på Hopland

Vedlegg:

Kart og bilete

Informasjon vedr. frådeling av tomt

Søknad gbnr 155/10 - Hopland - deling - ny grunneigedom

Landbrukssak Gbnr 155/10, handsaming etter plan- og bygningslova

Framlegg til vedtak:

Austrheim kommune gjev på vilkår som omsøkt dispensasjon til deling av eksisterande bustad på gnr. 155/10 på Hopland.

-Vilkår er at den frådelte tomten må ha tinglyst rett til vedlikehald og bruk av tilkomstveg, vatn og avlaup.

-Oppmålingsforretning må skje innan tre år, om ikkje fell delingsløyvet ut.

-Vilkår er at den frådelte tomten skal ha ny vegtilkomst nord for reiskapshuset. Denne skal vera opparbeidd før oppmålingsforretninga kan gjennomførast. Den eksisterande avkjøsla skal stengast.


Grunngjeving for vedtaket er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova §§ 19-2, jf. 11-6 og 26-1.

Vedtaket vert sendt Fylkesmannen i Hordaland på klagevurdering.

Saksopplysninger:

Det er kome inn søknad om frådeling av det våningshuset på landbrukseigedom gbnr. 155/10 på Hopland. Det vart bygd i 1998. Eigedommen på Hopland ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen for Austrheim er definert som område for landbruk, natur og friluftsområde, der spreidd bustadutbygging kan tillatast. Omsøkt areal ligg ikkje i strandsona eller i 100 meters beltet.




Søknaden kom Austrheim kommune i hende den 16.10.2015. Felles landbrukskontor orienterte Austrheim kommune i e-post den 23.11.2015 om at landbrukskontoret hadde gjeve løyve til omsøkt deling etter jordlova si §§ 9 og 12. Slike saker vert først teke som ei jordlovsak, og om det er positivt vedtak etter den lova som i denne saka så går den vidare til handsaming etter plan- og bygningslova. I slike LNF-område der spreidd bustadutbygging kan tillatast står det i føresegnene under pkt. 8.2.2.2 i kommuneplanen som det gjeld denne søknaden at:

- I desse områda er det høve til å byggja bustadhus som spreidd busetnad.*
- I planperioden kan det byggjast spreidd busetnad Jf PLBL §20 – 4 andre ledd c, i dei grendene som går fram av planen.*
- Før frådeling skal det liggje føre samtykke frå landbruks- og viltstyresmakter.*
- Det skal takast omsyn til dyrka jord, landskapsformer, vegetasjon og noverande og framtidige ferdseveggar i grenda. Jf PLBL 20 – 4 andre ledd b*

Føremålet med søknad om deling er at det vert delt i frå eit av to våningshus med føremål heilårsbustad. Teigen som vert søkt frådelt er om lag 1,2 dekar. Søkjar Moritz Idar Hopland er heimelshavar til eigedommen. Han har laga ein oversiktleg søknad som viser tilkomst og plassering av omsøkt frådelt tomt. Han skriv at frådelinga har ingen praktisk betydning for landbruksdrifta på eigedommen og at denne omsøkte tomten ligg ut mot vegen og i ytterkant av eigedommen. Han ynskjer å overdra denne omsøkte tomten med hus på til den eine sonen sin som bur her i dag.

Søkjar opplyser om at det er naboar som haustar landbruksarealet her i dag. Det er eit kombinert reiskapshus nær omsøkt frådelt tomt. Avkøyninga til omsøkt frådelt bustadtomt skal vera nord for reiskapshuset og såleis utanom gardstunet. Det er sendt ut nabovarsel på vanleg måte i oktober 2015, naboar har samtykt på dette varselet. Det er ikkje kome inn merknadar frå naboar. Det andre våningshuset på garden frå som vart bygd i 1980 skal vera på landbrukseigedommen framover.



Det er opplyst i søknaden at huset som vert søkt fråskilt er tilrettelagt med veg, vatn og kloakk.

Vurdering:

Søknaden om fradeling skal vurderast som dispensasjonssak etter plan- og bygningslova.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert omsøkte tiltak og prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurderinga. Det er særleg vektlegg berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både lokalt på staden og sett i ein større samanheng. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no. Austrheim kommune finn ikkje at omsøkte tiltak deling av bustadhus her vil komme i konflikt med naturmangfaldslova. I vurderinga har ein mellom anna nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland.

Vurdering etter plan- og bygningslova

Ved handsaming av dispensasjonssøknaden etter § 19-2 i plan- og bygningslova skal det vurderast om dei omsyna som ligg bak lova blir vesentleg tilsidesett. Det er omsynet til natur- og kulturmiljø, landskap, friluftsliv og tilgjenge for allmenta som er vurderingstema. Vidare skal det vurderast om fordelane ved å gje dispensasjonsløyve blir klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering. Nasjonale og regionale rammer og mål skal leggjast til grunn for avveging av interesser.

Rådmannen meiner at føremonene ved å gi dispensasjon i denne saka er at ein sjølvstendig bustadeining på denne omsøkte tomte vil vera positivt for buetnaden i bygda Hopland. Samstundes vil bygging av ny tilkomstveg på om lag 20 meter til tomten vera uproblematsik då ein nyttar ei eksisterande avkøyring frå kommunevegen og gardsveg som har god friskt i dag. Rådmannen meiner at deling som omsøkt til heilårsbustad i dette området gir ei betre utnytting av eksisterande infrastruktur, og at deling av denne tomte med hus på er ein naturleg fortetting av området som har

fleire frådelt bustadhus i nærleiken.

Rådmannen vil peike på at dette området er avsett til arealformål *LNF-område der spreidd bustadutbygging kan tillatast. Det er gjeldane* kommuneplanen som vart vedteken i 2007 som styrer dette. Her er det mogeleg med frådelling. I føresegna i kommuneplanen for slike LNF-område (spreidd) under pkt. 8.2.2.2 står det mellom anna at: «*Ved utbygging og frådelling skal det leggjast vekt på å sikre tilstrekkelege areal til leikeområde, fellesområde, badeplassar, strandfiskeplassar, båt og naustområde, for dei som bur i grenda.*» I ein kommuneplanprosess som Austrheim kommune no held på med vil det og vera naturleg å vurdera dette området vidare som LNF-spreidd. Rådmannen meiner at føremonene ved å gi dispensasjon til deling her etter samla vurdering vil vera klart større enn ulempe.

§ 26-1. Opprettelse og endring av eiendom

«Opprettelse av ny grunneiendom, ny anleggseiendom eller nytt jordsameie, eller opprettelse av ny festegrund for bortfeste som kan gjelde i mer enn 10 år, jf. lov om eigedomsregistrering, eller endring av eksisterende eiendomsgrenser, må ikke gjøres på en slik måte at det oppstår forhold som strider mot denne lov, forskrift eller plan. Opprettelse eller endring som nevnt i første punktum, må heller ikke gjøres slik at det dannes tomter som er uegnet til bebyggelse på grunn av sin størrelse, form eller plassering etter reglene i denne lov.»

Rådmannen meiner at ein frådelt bustadtomt her som omsøkt ikkje vil koma i konflikt med landbrukseigedommen eller dei omkringliggjande husa i området eller vera i strid med §26-1. Dette er eit moment som taler for at ein kan gje dispensasjon. Ei fortetting her vil på sikt kunne gje ei god arealutnytting her samstundes som ålmenta sin bruk av området ikkje vert forringa. Dette taler for å gje dispensasjon. Det må og vurderast kva presedensverknader eit eventuelt positivt vedtak kan få. Saka det her er tale om har ein viss overføringsverdi til andre saker, men tomten som her er omsøkt frådelt og som søkjar ynskjer å dela frå på er i tråd med føresegnene for LNF-område der spreidd bustadutbygging kan tillatast. Rådmannen meiner at vegtilkomsten er tilfredsstillande til omsøkt bustadtomt om den vert lagt nord for reiskapshuset her. Rådmannen meiner det er naturleg at det vert opparbeidd eigen vegtilkomst til det omsøkte frådelt våningshuset slik at ein unngår å blande trafikk mellom den fråskilte tomte og landbrukseigedommen lenger inne på gardsvegen.


Rådmannen meiner at denne omsøkte frådelt tomten har ein god landskapstilpassing, det er positivt at den ligg ved eksisterande kommuneveg, den kjem ikkje i strid med ålmenta sine interesser. Løysningar for veg, vatn og avlaup er på plass, desse rettane må tinglysast. Rådmannen meiner at det difor er naturleg at det vert gjeve løyve på vilkår i denne saka. Med klare vilkår kan kommunen få på plass krav for at denne eine frådelt bustaden her ikkje vil øydeleggja for ein god framtidig utvikling av landbrukseigedommen. Rådmannen vil og peike på at felles landbrukskontor har handsama søknaden positivt den 05.11.2015 etter jordlova, det talar og for at me kan dela denne omsøkte tomten med våningshus på frå hovudbruket etter plan- og bygningslova.

Rådmannen ser det som positivt at søkjar ynskjer frådela bustadhus i området der det allereie eksisterar fleire hus omkring på alle kantar. Rådmannen meiner difor at omsøkt frådelling av den bebygte tomten vil vera som ein fortetting av eksisterande bustadmiljø på Hopland. Dette sidan det er bustadbygg frå før i nærleiken og arealet er planert og brukt som hage. Rådmannen meiner difor etter ein samla vurdering at føremonene ved å gi dispensasjon av omsøkt deling vil vera klart større

enn ulempene og rår til omsøkt deling på vilkår.


Konklusjon:

Austrheim kommune gjev på vilkår som omsøkt dispensasjon til deling av eksisterande bustad på gnr. 155/10 på Hopland.





Området vi ynskjer å dela frå sett frå vegen (Hoplandssjøen



Bildeinfo frå området

Området vi ynskjer å dela frå sett frå vegen (Hoplandssjøen



Tilkomstveg - felles privat.



Redskapshuset har tilkomst fra nedside



Til
Austrheim kommune
Teknisk Etat
Landbrukskontoret

GNR 155 BNR 10 – VEDLEGG TIL SØKNAD OM Å FRADELING AV TOMT MED BOLIG

Undertegnede, eier av gnr 155 bnr 10, ønsker å overdra eiendommen til mine to sønner. Før jeg gjennomfører dette ønsker jeg å skille fra det ene huset på tomten, slik at dette kan overdras til den ene sønnen.

Fra gammelt har eiendommen hatt et lite våningshus (nr 116) med løe og vanlig gårdsdrift. Jeg overtok eiendommen fra min onkel i 1971 og kårhuset ble brukt av min onkels kone frem til hun døde. I 1979 flyttet jeg med familie til Hopland og førte opp et nytt bolighus (nr 114) i 1980.

Gårdsdriften ble avviklet på 70-tallet og det har ikke vært gårdsdrift fra eiendommen siden da.

Løen ble revet etter et uvær i 1990, og det ble ført opp et kombinert redskapshus og lager på samme grunn i 1996. Bygget er uegnet til noen form for gårdsdrift. Dyrket mark har alltid vært forpaktet til gårdbrukere på Hopland og den brukes i dag til forproduksjon.

Det gamle våningshuset (116) ble revet i 1996 og et nytt hus ble ført opp på samme grunn i 1998. Dette huset har siden oppføring vært leid ut til min yngste sønn og han ønsker å overta huset og da som eier av dette. Huset er tilknyttet kommunalt vann, har eget avløp og vei og er således en selvstendig bolig.

Som det fremgår av vedlagte kart og bilder vil en fradeling ikke medføre endringer eller inngrep for eiendommen slik den fremkommer i dag. Tomten det søkes fradeling om ligger i et hjørne av eiendommen og grenser til kommunal vei. Adkomst for bil er planlagt som i dag via den private veien på eiendommen. Det er også mulig å etablere en egen adkomst fra området via dagens innkjørsel. Slik det er skissert blir tomten ca 1150 m².

Til orientering har jeg hatt et uforpliktende møte med Torill Mullen den 27.04 i år der saken ble drøftet.

Ta kontakt ved behov for utfyllende informasjon, møte eller befarings.

Hopland, den 30.09.015

Med vennlig hilsen



Moritz Idar Hopland

Hoplandssjøen 114
5943 Austrheim
Mobil 913 92 496

Vedlegg – 2 sider med kart og bilder



Austrheim
kommune

Sætremarka 2
4943 Austrheim

Tlf. 56 16 20 00
Fax. 56 16 20 01
www.austrheim.kommune.no
www.nordhordlandskart.no

Søknad om tiltak; oppretting eller endring av matrikkeleining (deling). Pbl § 20-1 m

Krav om matrikulering² av eining(ar) som ikkje krev handsaming etter Pbl § 20-1 m, eller oppmålingsforretning etter MI § 33.MI § 5, siste ledd og matrikkelforskrift §§ 43-48

Rekvisisjon av oppmålingsforretning

Journalføring/stempel:

Søknaden/rekvisisjonen gjeld:³

Plan- og bygingslova(Pbl.),Matrikelova(MI.)

Eigedom(ar)	Gnr:	Bnr:	Fnr:	Snr:	
	Gnr:	Bnr:	Fnr:	Snr:	
Søknad om tiltak (deling) etter, Pbl.§20-1 m og matrikulering etter MI. §5.	Sakstype, Pbl. § 20-1 m:			Søknad om dispensasjon jf. pbl. § 20-1 m:	
	<input checked="" type="checkbox"/> A Ny grunneigedom	<input type="checkbox"/> B Ny festegrunn over 10 år	<input type="checkbox"/> C Arealoverføring	<input type="checkbox"/> D Nytt jordsameige	<input checked="" type="checkbox"/> Plan- og bygningslov
	<input type="checkbox"/> E Ny anleggseigedom			<input checked="" type="checkbox"/> Kommuneplan	<input type="checkbox"/> Reguleringsplan
				<input type="checkbox"/> Utbyggingsplan (eldre lovverk)	
Deling i samsvar med: <input type="checkbox"/> Reguleringsplan <input type="checkbox"/> Utbyggingsplan (eldre lovverk) <input checked="" type="checkbox"/> Privat forslag <input type="checkbox"/> Anna:					
Krav om matrikulering av einingar som ikkje krev handsaming etter Pbl. § 20-1 m, eller oppmålingsforretning etter MI. § 33. ⁴	<input type="checkbox"/> Matrikulering av einingar, og rettar (festeforhold, bruksrettar o.a.) som er tildelt matrikelnummer etter tidligare regelverk (MI. § 5, siste ledd)				
	<input type="checkbox"/> Samanslåing (MI. §18)				
	<input type="checkbox"/> Føring av referanse til eksisterande grense, (MI. § 19)				
	<input type="checkbox"/> Matrikulering av eksisterande umatrikulert eining (MI. §13)				
	<input type="checkbox"/> Registrering av uregistrert jordsameige (MI. § 14)				
	<input type="checkbox"/> Registrering av samla eigedom (MI. § 20)				
Rekvisisjon av oppmålingsforretning, MI. §33.	Oppmålingsforretning for matrikkeleining(ar) i medhald av løyve (delingsvedtak) etter Pbl. 20-1 m:				
	<input checked="" type="checkbox"/> Grunneigedom <input type="checkbox"/> Anleggseigedom <input type="checkbox"/> Jordsameige <input type="checkbox"/> Festegrunn <input type="checkbox"/> Arealoverføring				
	Må fyllast ut dersom alternativ B eller C er ønskt:				
	A) <input type="checkbox"/> Ønskjer gjennomført utan ugrunna opphald (frist 16 veker etter pbl.-vedtak, § 20-1 m + eventuell vinterforskrift, MI. § 18,3)	B) <input type="checkbox"/> Ønskjer å utsette oppmåling og matrikulering. Skal sjølv gje tilbagemelding når det er ønskjeleg å få utført arbeidet. (Etter 3 år frå godkjenning fell gjeve løyve etter pbl. bort.)	C) <input type="checkbox"/> Ønskjer av særlege årsaker å gjennomføre matrikulering men utsett fullføring av oppmålingsforretninga i medhald av matrikellova § 6. (Kommunen fastset frist for fullføring, ikkje lenger enn 3 år)		
For alt C); oppgje særlege grunnar (eventuelt i eige vedlegg):					
Oppmålingsforretning for matrikkeleining(ar) som ikkje krev løyve (delingsvedtak) etter pbl. 20-1 m:					
<input type="checkbox"/> Oppmålingsforretning over eksisterande matrikkeleining (MI. § 33)					
<input type="checkbox"/> Klårlegging av eksisterande grenser (MI. § 33)					
<input type="checkbox"/> Grensejustering (MI. § 16)					
<input type="checkbox"/> Uteareal til eigarseksjon (jf. eigarseksjonslova § 7 og matrikkelforskrifta § 35)					

Spesifikasjon av parsell(ar) som vert søkt oppretta som matrikkeleining(ar):				
Parsell nr.	Areal ca. m ²	Arealtype før deling	Eventuelt journal nr	Eventuelt namn og adresse på kjøpar/festar
1				
Opplysingar om omsøkt tiltak; bruk, tilkomst, vassforsyning og avlaup:				
Parsellen/ane skal nyttast til ⁵	<input checked="" type="checkbox"/> Sjølvstendig brukseining	<input type="checkbox"/> Tilleggsareal til	GNR:	BNR: FNR: SNR:
	<input checked="" type="checkbox"/> Bustadhus	<input type="checkbox"/> Offentleg verksemd	<input type="checkbox"/> Offentleg friluftsområde	
	<input type="checkbox"/> Fritidshus	<input type="checkbox"/> Landbruk/Fiske	<input type="checkbox"/> Offentleg veg	
	<input type="checkbox"/> Industri/Bergverk	<input type="checkbox"/> Naturvern	<input type="checkbox"/> Kommunikasjonsareal / teknisk anlegg	
	<input type="checkbox"/> Varehandel/bank/forsikring/hotell/restaurant/anna:			
Tilkomst Pbl. § 27-4 Veglov §§ 40-43	<input type="checkbox"/> Riks-/fylkesveg	<input type="checkbox"/> Kommunal veg	<input checked="" type="checkbox"/> Privat veg	
	<input type="checkbox"/> Ny avkjørsel frå offentleg veg	<input type="checkbox"/> Utvida bruk av eksisterande avkjørsel		
	<input type="checkbox"/> Avkjørselsøyve gjeve (vedlagt)	<input type="checkbox"/> Søknad om avkjørselløyve (vedlagt)	<input type="checkbox"/> Tilkomst sikra i følgje vedlagt dokument	
Vass- forsyning Pbl. § 27-1 og -3	<input checked="" type="checkbox"/> Offentleg vassverk	<input type="checkbox"/> Privat fellesvassverk. Tilknytingløyve lagt ved		
	<input type="checkbox"/> Anna:			
Avlaup Pbl. § 27-2 og -3	<input type="checkbox"/> Offentleg avlaupsanlegg	<input checked="" type="checkbox"/> Privat enkeltanlegg	Beskriv:	
	<input type="checkbox"/> Privat fellesanlegg	<input type="checkbox"/> Søknad om utsleppsløyve (vedlagt)	<input type="checkbox"/> Avlaup sikra ifølgje	
<input type="checkbox"/> Utsleppsløyve gjeve (vedlagt)				
Vedlegg ⁶				
			Nr. frå - til	Ikkje relevant
Partliste/naboliste (alternativt kan nyttast s 4 eller kvitteringsskjema for rekommandert sending)				<input type="checkbox"/>
Kart og situasjonsplanar				<input type="checkbox"/>
Avtale om veg/tilkomst, inkl. kart				<input type="checkbox"/>
Private servituttar				<input type="checkbox"/>
Uttale/samtykke frå andre offentlege myndigheiter				<input type="checkbox"/>
Andre avtalar, dokumentasjon				<input type="checkbox"/>
Andre vedlegg				<input type="checkbox"/>
				<input type="checkbox"/>

Andre opplysingar og underskrift(er):			
Andre opplysingar (f.eks. rettshavarar av betydning)	Rettshavarar Mority Ida Hopland		
Heimshavar (ar)	Namn:	Mority Ida Hopland	Tlf: 91392496
	Adresse:	Austrheim	Postnr: 5943
			Stad: HOPLANDSSJØEN 114
	E-post: mori-id@online.no		
Underskrift	Stad: HOPLANDSSJØEN 114	Dato: 15.10.15	Underskrift: Mority Hopland
Heimshavar(ar)	Namn:		Tlf:
	Adresse:	Postnr:	Stad:
	E-post:		
Underskrift	Stad:	Dato:	Underskrift:
Kan nyttast til utfyllande merknader:			

Partsliste (naboar, bruksretts- og servitutthavarar, og andre som er varsla)
Trengst ikkje fyllast ut dersom partsliste følger som eige vedlegg,
alternativt kan kvitteringsskjema for rekommandert postsending nyttast.

Namn:		Adresse:		Namn:		Adresse:	
Eigedom (gnr., bnr., fnr., snr):		Partsstilling:		Eigedom (gnr., bnr., fnr., snr):		Partsstilling:	
Stad:	Dato:	Underskrift:		Stad:	Dato:	Underskrift:	
Namn:		Adresse:		Namn:		Adresse:	
Eigedom (gnr., bnr., fnr., snr):		Partsstilling:		Eigedom (gnr., bnr., fnr., snr):		Partsstilling:	
Stad:	Dato:	Underskrift:		Stad:	Dato:	Underskrift:	
Namn:		Adresse:		Namn:		Adresse:	
Eigedom (gnr., bnr., fnr., snr):		Partsstilling:		Eigedom (gnr., bnr., fnr., snr):		Partsstilling:	
Stad:	Dato:	Underskrift:		Stad:	Dato:	Underskrift:	
Namn:		Adresse:		Namn:		Adresse:	
Eigedom (gnr., bnr., fnr., snr):		Partsstilling:		Eigedom (gnr., bnr., fnr., snr):		Partsstilling:	
Stad:	Dato:	Underskrift:		Stad:	Dato:	Underskrift:	
Namn:		Adresse:		Namn:		Adresse:	
Eigedom (gnr., bnr., fnr., snr):		Partsstilling:		Eigedom (gnr., bnr., fnr., snr):		Partsstilling:	
Stad:	Dato:	Underskrift:		Stad:	Dato:	Underskrift:	
Namn:		Adresse:		Namn:		Adresse:	
Eigedom (gnr., bnr., fnr., snr):		Partsstilling:		Eigedom (gnr., bnr., fnr., snr):		Partsstilling:	
Stad:	Dato:	Underskrift:		Stad:	Dato:	Underskrift:	
Namn:		Adresse:		Namn:		Adresse:	
Eigedom (gnr., bnr., fnr., snr):		Partsstilling:		Eigedom (gnr., bnr., fnr., snr):		Partsstilling:	
Stad:	Dato:	Underskrift:		Stad:	Dato:	Underskrift:	
Namn:		Adresse:		Namn:		Adresse:	
Eigedom (gnr., bnr., fnr., snr):		Partsstilling:		Eigedom (gnr., bnr., fnr., snr):		Partsstilling:	
Stad:	Dato:	Underskrift:		Stad:	Dato:	Underskrift:	



Landbrukskontoret for Austrheim, Fedje og Radøy

Moritz Idar Hopland
Hoplandssjøen 114
5943 AUSTRHEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/1958 - 15/13151

Saksbehandlar:
Toril Marie Mulen
toril.mulen@radoy.kommune.no

Dato:
05.11.2015

Landbrukssak Gbnr 155/10 Hopland - deling - behandling etter jordlova

Delegasjonssak nr.:

Saksutgreiing:

Søkjjar Moritz Idar Hopland er heimelshavar til landbrukeigedommen gnr/bnr 155/10 Hopland i Austrheim kommune.

Saka gjeld:

Landbrukskontoret har den 22.10.2015 motteke søknad om deling for handsaming etter jordlova. Føremålet med søknad om deling er at det vert delt ifrå eit av to våningshus på gnr/bnr 155/10 med føremål heilårsbustad.

Areal og markslag:

Landbrukseigedommen gnr/bnr 155/10 har til saman jfr skog og landskap sin kartdatabase totalt areal 310,4 daa. Landbrukseigedommen gnr/bnr 155/10 består av 30 daa fulldyrka, 3,8 daa overflatedyrka og 3,3 daa innmarksbeite, 13,5 daa skog, av særskilt høg bonitet, 32,6 daa skog, av høg bonitet, 130,2 daa jorddekt fastmark samt anna areal. Teigen på gnr/bnr 155/10 som vert søkt frådelt består av 1/3 del areal klassifisert som bebygd areal, 1/3 del areal klassifisert som skog, av høg bonitet og 1/3 del beståande av areal klassifisert som overflatedyrka og innmarksbeite. Teigen som vert søkt frådelt er om lag 1,2 daa.

Planstatus:

Landbrukseigedommen gnr/bnr 155/10 Hopland ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen for Austrheim er definert som område for landbruk, natur og friluftsområde (LNF).

Rettar og plikter:

Det er opplyst i søknaden at huset som vert søkt fråskilt er tilrettelagt med veg, vatn og kloakk. Det vert opparbeidd eigen vegtilkomst til eit eventuelt framtidig fråskilt hus, slik at ein unngår å blande trafikk mellom den fråskilte tomte og landbrukseigedommen gnr/bnr 155/10.

LOVGRUNNLAG

Ein søknad om deling skal vurderast etter jordlova § 12.

Deling av eigedom som er nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skogbruk krev samtykke frå landbruksstyresmakta, jf jordlova § 12 (1).

Skal dyrka jord takast i bruk til andre føremål enn jordbruksproduksjon, eller skal dyrkbar jord takast i bruk slik at ho ikkje vert eigna til jordbruksproduksjon i framtida, kan samtykke til deling ikkje givast utan at det samstundes er gjeve samtykke til omdisponering etter jordlova § 9, jf jordlova § 12 (2).

Vilkår for samtykke til deling følgjer av jordlova § 12:

(2)«Skal dyrka jord takast i bruk til andre formål enn jordbruksproduksjon, eller skal dyrkbar jord takast i bruk slik at ho ikkje vert eigna til jordbruksproduksjon i framtida, kan samtykke til deling ikkje givast utan at det er gitt samtykke til omdisponering etter § 9».

(3)«Ved avgjerd av om samtykke til deling skal givast, skal det leggjast vekt på om delinga legg til rette for ein tenleg og variert bruksstruktur i landbruket. I vurderinga inngår mellom anna omsynet til vern av arealressursane, om delinga fører til ei driftsmessig god løysing, og om delinga kan føre til drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området. Det kan leggjast vekt på andre omsyn dersom dei fell innunder formålet i jordlova».

(4)«Sjølv om det etter tredje ledd ikkje ligg til rette for å gi samtykke til deling, kan samtykke givast dersom deling vil vareta omsynet til busetjinga i området».

Vilkår for samtykke til omdisponering følgjer av jordlova § 9:

(2)«Departementet kan i særlege høve gi dispensasjon dersom det etter ei samla vurdering av tilhøva finn at jordbruksinteressene bør vika. Ved avgjerd skal det mellom anna takast omsyn til godkjende planar etter plan- og bygningslova, drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området, kulturlandskapet og det samfunnsgagnet ei omdisponering vil gi. Det skal og takast omsyn til om arealet kan førast attende til jordbruksproduksjon. Det kan krevjast lagt fram alternative løysingar». Landbruksstyresmakta kan setje vilkår for samtykke til deling og omdisponering som er naudsynt av omsyn til dei føremåla som lova skal fremja, jf jordlova §§ 9 (3) og 12 (5).

VURDERING

Vurdering av trong for samtykke til deling etter jordlova § 12

Samtykke til deling etter jordlova § 12 er naudsynt ved deling av eigedomar som «er nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skogbruk» jf jordlova § 12 (1).

Føresegna gjeld bygde og ubebygde eigedommar. Eigdommen sin storleik, plassering, kvaliteten på arealet, vekstvilkår og kva produksjonsform som er påreknleg er relevante moment.

Det er landbruksstyresmakta si vurdering at det er naudsynt med samtykke etter jordlova § 12 for deling av gnr/bnr 155/10 Hopland i Austrheim.

Vurdering av trong for samtykke til omdisponering etter jordlova § 9

Teigen på om lag 1,5 daa som er søkt frådelt er klassifisert jfr skog og landskap sin kartdatabase som 1/3 bebygd, noko som vil seie ikkje «dyrka eller dyrkbart». Men, den delen av teigen som vert omsøkt frådelt som består av areal klassifisert som overlatedyrka er «dyrka». Det lyt vurderast samtykke til omdisponering jfr jordlova § 9 i denne saka.

VURDERING

Vurdering av trong for samtykke til deling etter jordlova § 12

Samtykke til deling etter jordlova § 12 er naudsynt ved deling av eigedomar som «er nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skogbruk» jf jordlova § 12 (1).

Føresegna gjeld bygde og ubebygde eigedommar. Eigdommen sin storleik, plassering, kvaliteten på arealet, vekstvilkår og kva produksjonsform som er pårekneleg er relevante moment.

Det er landbruksstyresmakta si vurdering at det er naudsynt med samtykke etter jordlova § 12 for deling av gnr/bnr 155/10 Hopland i Austrheim.

Vurdering av samtykke til omdisponering etter jordlova § 9:

Føremålet med frådellinga er [å opprette ei ny bustadtomt med allereie påståande hus].

Det er landbruksstyresmakta si vurdering at etter ei eventuell [deling] vil den nye tomta ha anna bruk enn jordbruksproduksjon. Det overordna føremålet med arealet slik det ligg føre i dag er LNF (landbruk, natur, friluftsliv). Eit eventuelt samtykke til omdisponering vil truleg ikkje medføre store drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket, av di teigen er avgrensa i storleik og er heilt i enden av landbrukseigdommen, og ligg inntil veg på to sider av ei framtidig tomt. Å dele ifrå eitt av to våningshus på ein landbrukseigedom er å ta vekk ein ressurs frå landbrukseigdommen. I denne saka kan ein ikkje sei det er samfunnsgagn å gje samtykke til omdisponering. Samfunnsgagn handlar om noko som kjem ei større gruppe menneske til gode. Arealet kan ikkje førast tilbake til jordbruksproduksjon etter eit eventuelt samtykke til omdisponering. Landbruksstyresmakta finn det er overvekt av argument som talar for samtykke til omdisponering av dyrka mark til deling med føremål å opprette ei tomt for bustadføremål. Landbruksstyresmakta gir samtykke til omdisponering etter jordlova § 9.


Vurdering av samtykke til deling etter jordlova § 12 (3)

Føremålet med føresegna er å sikre og samle ressursane som grunnlag for landbruksdrift for noverande og framtidige eigarar. Utgangspunktet for vurderinga etter jordlova § 12 er om deling legg til rette for ein tenleg og variert bruksstruktur i landbruket. Det skal leggast til rette for utvikling av bruk som er tenlege for samfunnet både nasjonalt og lokalt, sett ut frå det området eigdommen ligg i. Det er eit mål at driftseiningar bør styrkast. I vurderinga av kva storleik som er tenleg, må ein sjå på ressursgrunnlaget og om ressursane kan drivast på ein kostnadseffektiv måte i eit langsiktig perspektiv.

Utgangspunktet er at deling skal tillatast om det ikkje går ut over dei interessene føresegna skal verne om, jfr rundskriv M-1/2013. I vurderinga inngår mellom anna omsynet til vern av arealressursane, om delinga fører til ei driftsmessig god løysing og om delinga kan føre til drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området. Det kan og leggast vekt på andre omsyn som fell inn under formålet i jordlova. I vurderinga av omsynet til vern av arealressursane skal landbruksstyresmakta leggje vekt på å hindre at

det oppstår små einingar som det er vanskeleg å drive rasjonelt og oppretthalde som aktive bruk, og som gjer det vanskeleg å nekte seinare omdisponeringar. Små einingar kan auke risikoen for at jorda kjem ut av drift og det kan verte vanskeleg å følgje opp driveplikta. Det kan leggjast vekt på korleis arealet er disponert i plan. Vurderinga av driftsmessige ulemper er knytt til om deling kan føre til drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket. Det skal det leggjast vekt på konkrete, påreknlege ulemper for eigedomen som delast, og for andre landbrukseigedomar i området. Vurderinga skal vere individuell, og ulempene må ha eit visst omgang og ein viss styrke for å vere relevant i vurderinga.

Vi viser til kart vedlagt søknaden:



Vurderinga av driftsmessige ulemper er knytt til moglege konflikter mellom landbruket og andre interesser som følgje av landbruksdrifta. Konflikter mellom dei som driv ein landbrukseigedom og dei som eig ein bustad- eller fritidseigedom er ikkje uvanleg. Årsaka til konflikter er ofte knytt til støv, støy og lukt, men også bruk av driftsveggar og utmark.

Det kan i vurderinga leggjast vekt på andre omsyn som fell inn under formålet i jordlova. Det er berre omsyn som fell inn under jordlova § 1 som kan leggjast vekt på. Andre samfunnsomsyn, til dømes omsynet til å skaffe tomter til næringsverksemd som ikkje er landbruk, fell utanfor. Det er ein objektiv fagleg vurdering som skal gjerast og subjektive omsyn for søkjar har sjeldan relevans.

Landbruksstyresmakta finn at vurderingstema om deling legg til rette for ein tenleg og variert bruksstruktur gjeld når landbrukseigedom skal delast for å selje jorda som tilleggsjord til landbrukseigedom i aktiv drift. Det er ikkje eit tema i denne saka.

Landbruksstyresmakta finn at vurderingstema drifts- eller miljømessige ulemper er mindre pårekeleg i denne saka. Ei eventuell frådelling i denne saka vil ikkje endre tilhøva frå dagens situasjon i stor grad. Bustadhuset på gnr/bnr 155/10 er bygd og står der. Den dagen det er delt ifrå ei tomt med påståande bustadhus frå landbrukseigedommen vil denne tomta være eit fritt omsetteleg objekt inne i eit LNF-område. I og med at teigen omsøkt frådelt ligg i ytterkanten av landbrukseigedommen inntil veg på to siden finn ein at drifts- og miljømessige ulemper vil være av avgrensa karakter.

Landbruksstyresmakta finn det er mindre konkret pårekeleg med driftsulemper i denne saka. Etter ei heilskapleg vurdering er det landbruksstyresmakta si vurdering at det kan gjevast samtykke til deling med heimel i jordlova § 12 (3) som omsøkt jfr kart vedlagt i søknaden.

VEDTAK

Det vert gjeve samtykke til deling av om lag 1,2 daa med føremål bustadtomt med allereie påståande bustadhus på landbrukseigedommen gnr/bnr 155/10 Hopland. Vedtaket har heimel i jordlova § 9 og 12. Grunngevinga for vedtaket går fram av saksutgreiinga.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde frå Kommunestyret i Radøy kommune, jfr kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit einskildvetak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jfr fvl. §§ 28 – 36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunnjevast. Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedteket utan at moglegheita til å klage over vedteket er nytta, jfr. Fvl. § 27b.

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt leiar Felles landbrukskontor Toril Marie Mulen.

Med helsing

Jarle Landås
rådmann

Toril Marie Mullen

leiar Felles landbrukskontor

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Austrheim kommune

Sætre marka 2

5943

AUSTRHEIM

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
184/15	Formannskapet	PS	03.12.2015

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Frode Hervik	FE - 242, TI - &00	15/944

Revidering av retningslinjer for næringsfond

Vedlegg:

Retningslinjer næringsfond 2001
Næringsfond Austrheim kommune

Framlegg til vedtak:

Retningslinjene for næringsfondet vert revidert i tråd med framlegget.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Austrheim kommune praktiserer ei ordning med næringsfond med egne retningslinjer, men har ikkje eit eige fond til føremålet. Søknader som kjem inn vert handsama og eventuelle løyvingar vert gjort frå andre budsjettpostar/fond. Retningslinjene vart vedteke av formannskapet 19.06.2001, og skulle etter punkt 6 vorte revidert kvart år. Dette har ikkje vorte gjort.

I Handlingsprogrammet i *Strategisk næringsplan med fokus på reiseliv og havsport 2014-2025* er følgjande nemnd som eit viktig tiltak i kategori B:

«Skilje ut næringsfondsmidlar i eige fond med vedtekter tilpassa målsettingane i næringsplanen, og marknadsføre dette tilbodet.»

Denne saka er såleis ei oppfølging av næringsplanen.

På oppdrag frå Kommunal- og regionaldepartementet gjorde Rambøll saman med Agderforskning og Telemarksforskning i 2012 ei evaluering av kommunale og regional næringsfond. Konklusjonane når det gjeld resultat og effekt av innsatsen er følgjande:

- Midlene har særlig bidratt til å sikre eller styrke arbeidsplasser, øke overlevelsesevnen og styrke det lokale næringslivet (ofte gjennom videreutvikling av etablerte bedrifter), samt øke attraktiviteten i kommunen/regionen både som reisemål og som bosted eller lokaliseringsvalg for bedrifter. Midlene har hatt begrenset påvirkning på tilflytting og faktiske flyttestrømmer.

- Direkte tilskudd til bedrifter har i hovedsak bidratt til virksomhetens lønn-somhetsutvikling og overlevelsesevne, og har også i noen grad ført til lokal og/eller regional innovasjon.

- Tilretteleggende tiltak har i hovedsak bidratt til stedsutvikling i form av utvikling av fysiske møteplasser og et bedre kultur- og fritidstilbud i nærmiljøet. Effektene begrenser seg imidlertid i hovedsak til lokalmiljøet (eks bedre om-dømme, sterkere sosiale nettverk, sterkere tilhørighet).

- Næringsfondsmidlene har hatt en utløsende effekt for annen finansiering, særlig for banklån og for støtte fra Innovasjon Norge (direkte tilskudd) og for finansiering fra fylkeskommunen eller annen kommunal finansiering. Andre midler (private og offentlige) har hatt viktig innvirkning på resultatene frem-brakt av KNF midler.

- Faktorer som sentralitet og næringsstruktur ser i liten grad ut til å påvirke resultatet av virkemiddelbruken, men kvalitative funn antyder at regionale fond og/eller kommunale samarbeid har en positiv innvirkning på resultater av innsatsen. Midlene har hatt særlig verdi for mindre og mindre sentrale kommuner der sysselsetting er konsentrert i industri-, forretnings- eller besøks-næringen.

- Addisjonaliteten har hatt betydning for resultatene av midlene, særlig når det gjelder utvikling av innovasjonssystemer og næringsrettede nettverk, og da spesielt for næringshage- og forskningsparkinitiativ og for nettverksinitiativ mellom lokale bedrifter og offentlige aktører. Lavest addisjonalitet finner vi blant etablerte virksomheter og blant initiativ for å fremme entreprenørskapskultur i utdanningssystemet.

- Mindre støttebeløp har lavere addisjonalitet enn større beløp. Mindre støttebeløp har også i større grad spilt sammen med andre offentlige kilder.

Vurdering

Ordninga slik den fungerer i dag er lite tilfredsstillande, fordi den er uklår og ikkje føreseieleg, og dermed vanskeleg å marknadsføre. Ordninga fungerer heller ikkje i tråd med intensjonane i dei vedtekte retningslinjene frå 2001, fordi det då var ein føresetnad at det skulle vere eit eige næringsfond.

Eit kommunalt næringsfond vert oppfatta som eit viktig lokalt næringstiltak, jamfør evalueringa som vart gjort i 2012. Dette vert også understreka av Distriktssenteret. Det er også verdt å merke seg at evalueringa viser at midlane har hatt særleg verdi for små og mindre sentrale kommunar, der sysselsettinga er konsentrert i industri-, forretnings- eller besøksnæringane. Austrheim passar til denne skildringa som ein liten kommune med tyngdepunkt av sysselsetting i industrien på Mongstad, men med ynskje om å styrke besøksnæringane.

Det bør arbeidast for å skilje ut midlar i eit eige næringsfond i tråd med intensjonane. Revideringa av retningslinjene får ingen økonomiske konsekvensar i seg sjølv, men ei eventuell framtidig oppretting av eit næringsfond vil krevje ei løyving. Retningslinjene har ingen konsekvensar for folkehelse og miljø.

Konklusjon

Retningslinjene for næringsfondet vert revidert i tråd med framlegget.

RETNINGSLINER FOR NÆRINGSFOND

1. Støtteføremål

Næringsfondet skal nyttast til å fremja etablering av ny næringsverksemd og til vidareutvikling av eksisterande bedrifter. Prosjekter som bidrar til å betre sysselsettinga for kvinner skal prioriterast.

Det skal ikkje gjevast støtte til gjeldssanering, driftstilskot til bedrifter eller til vanlege kommunale oppgåver. Det skal ikkje gjevast støtte til veksemd som mottar vesentlege overføringar over statsbudsjettet.

2. Støtteformer

Støtte kan gjevast som tilskot og lån. Midlane skal ikkje nyttast til garantier.

3. Støttevilkår

Samla støtte frå fondet skal som hovudregel ikkje overstige 50 % av eit prosjekt sitt kapitalbehov. Ved prosjekter av særleg betydning for kvinner og ved nyetablering kan ein gje inntil 75 % støtte.

4. Forvaltning av fondet

Austrheim formannskap er fondsstyre. Fondsstyre kan delegere avgjerdsrett til rårmannen. Fondsmindane skal plasserast på eiga konto. Renter av inneståande, renter frå utlån og mottokne avdrag skal godskrivas fondet. Ubrukte midler vert ikkje tilbakeført.

5. Årsmelding

Austrheim kommunestyre skal kvart år handsame ei melding med rekneskap og ei vurdering av bruken av det kommunale næringsfondet.

6. Revidering

Retningslinene skal reviderast kvart år.

RETNINGSLINER FOR NÆRINGSFOND

1. Støtteføremål

Næringsfondet skal nyttast til å fremja etablering av ny næringsverksemd og til vidareutvikling av eksisterande bedrifter. Prosjekter som bidrar til å betre sysselsettinga for kvinner skal prioriterast.

Det skal ikkje gjevast støtte til gjeldssanering, driftstilskot til bedrifter eller til vanlege kommunale oppgåver. Det skal ikkje gjevast støtte til veksemd som mottar vesentlege overføringar over statsbudsjettet.

2. Støtteformer

Støtte kan gjevast som tilskot og lån. Midlane skal ikkje nyttast til garantier.

3. Støttevilkår

Samla støtte frå fondet skal som hovudregel ikkje overstige 50 % av eit prosjekt sitt kapitalbehov. Ved prosjekter av særleg betydning for kvinner og ved nyetablering kan ein gje inntil 75 % støtte.

4. Forvaltning av fondet

Austrheim formannskap er fondsstyre. Fondsstyre kan delegere avgjerdsrett til rårmannen. Fondsmindane skal plasserast på eiga konto. Renter av inneståande, renter frå utlån og mottokne avdrag skal godskrivast fondet. Ubrukte midler vert ikkje tilbakeført.

5. Årsmelding

Austrheim kommunestyre skal kvart år handsame ei melding med rekneskap og ei vurdering av bruken av det kommunale næringsfondet.

6. Revidering

Retningslinene skal reviderast kvart år.

Retningslinjer for næringsfondet i Austrheim kommune

1. Føremål og målsetting

Midlar til kommunale næringsfond kan kvart år avsetjast i kommunebudsjetta. Næringsfondet skal nyttast til å styrke nyskaping, innovasjon og næringsutvikling i Austrheim kommune. Målet er å skape fleire nye bedrifter og arbeidsplassar, og vidareutvikle eksisterande bedrifter.

Unge, kvinner og ulike innvandrargrupper er å sjå som viktige, men lite utnyttede ressursar når det gjeld entreprenørskap. Desse målgruppene skal derfor gjevast særskild prioritet ved tildeling.

2. Prioriteringar

Tiltak som skal prioriterast spesielt:

- Industriutvikling.
- Gründerar og nyskaping.
- Reiseliv og havsport.
- Kompetanseutvikling.
- Profilering og samarbeidstiltak.

Fondet skal nyttast i samsvar med prioriteringar i gjeldande strategisk næringsplan for Austrheim og Lindås og strategisk næringsplan for Austrheim med fokus på reiseliv og havsport. Næringsfondet skal primært støtte tiltak innanfor følgjande to hovudområde:

a) Støtte til bedriftsutvikling/etablering:

- Etablering av ny verksemd.
- Tiltak i eksisterande bedrifter som kan føre til økt sysselsetting.
- Opplæring, marknadsføring, produktutvikling og kompetanseutvikling.
- Fondet kan støtte omstilling/endingstiltak som kan bidra til vekst og utvikling.
- Tiltak som fremjar nyskaping og innovasjon.
- Tiltak som fremjar samarbeid mellom bedrifter.
- Elevbedrifter/Ungdomsbedrifter.

Alle tiltak som får støtte bør gje grunnlag for økonomisk vekst og utvikling. Det vil bli lagt vekt på sysselsettingseffekten av omsøkte prosjekt.

b) Støtte til kommunen sitt nærings- og utviklingsarbeid.

- Prioriterte prosjekt i dei strategiske næringsplanane.
- Marknadsføring av Austrheim kommune.
- Regionalt samarbeid.
- Styrking av kommunens si vertskapsrolle overfor næringslivet (Intern kunnskap og kompetanse på nærings- og utviklingsarbeid).
- Undersøkingar og utredningar.

- Kompetansefremjande tiltak.

Næringsfondet kan også nyttast til kommunal utbygging og infrastrukturtiltak som er særskilt viktige for næringslivet og utvikling av lokalsamfunnet.

3. Sakshandsaming

Ved vurdering av søknaden skal det utøvast eit skjønn der følgjande skal vektleggast:

- Vurdering av gjennomføringsevna til søkeren.
- Vurdering av verdiskapingspotensialet til og sysselsettingseffekt av prosjektet.
- Marknadsvurdering.
- Konkurransesyn.

Krav til innhald i søknaden:

- Personalia om ansvarlege i verksemda.
- Skildring av verksemd og prosjekt.
- Dokumentasjon av økonomisk situasjon til verksemda.
- Finansieringsplan, inkludert spesifisering av søknadsbeløp.
- Framdriftsplan.

4. Støttevilkår

Søkar skal fremje verdiskapande aktivitet i Austrheim. Fondet skal ha ein utløysande effekt på tiltaket som vert støtta. Fondsmidlane skal plasserast på renteberande konto og renter og lånevdrag skal først tilbake til fondet. Næringsfondet skal vere uavhengig av likviditetssituasjonen i kommunen.

Det kan ikkje løyvast støtte til ordinær drift. Bedriftsretta støtte skal ikkje vere av eit slikt omfang at det kan oppfattast som urettmessig konkurransevidande lokalt. Bedriftsretta prosjekt der kapitalbehovet er større enn eit maksimalbeløp kunngjort i tildelingsbrevet, skal sendast over til Innovasjon Norge.

Det kan ikkje gis støtte som er i strid med internasjonale avtaler der Noreg er part. Det kan derfor ikkje gis støtte til primær stålproduksjon, til transport eller til direkte eksportkostnader, inkludert etablering og drift av distribusjonsnettverk.

5. Støtteformer.

Støtte skal fortrinnsvis gis som tilskot. Jamfør kommunelova § 51 kan næringsfondet ikkje setjast som garanti for lån til næringsverksemd. Næringsfondet bør ikkje nyttast til teikning av aksjar.

6. Stønadsnivå

Samla støtte frå næringsfondet skal som hovudregel ikkje overstige 50 prosent av eit prosjekt sitt kapitalbehov. I særskilte tilfelle kan stønadsnivået overstige dette. Det kan ikkje gis tilsegner utover det som til ei kvar tid står på fondet. Kommunen kan skyte eigne midlar inn i fondet undervegs i eit budsjettår.

7. Prosedyrar

Austrheim formannskap er fondsstyre. Avgjerslemynde i einskilde søknader er lagt til rådmannen. Saker av prinsipiell karakter og/eller stønadsnivå som overstiger 75.000 skal handsamast av formannskapet. Mindre løyvingar vert orientert om til formannskapet som meldingssaker. Austrheim formannskap skal kvart år handsame ei melding med rekneskap og ei vurdering av bruken av det kommunale næringsfondet.

Kommunen skal etter vedtak sende tilsegnsbrev med vilkår for tilsegna. Normalkrav til innhald i tilskotsbrev blir gjort greie for i tildelingsbrevet til kommunane. Tilsegnsbrevet skal gi ein frist for ferdigstilling og rapportering, og gjere greie for prosedyrar og dokumentasjonskrav knytt til utbetalinga. Tilsegnsbrevet skal gi opplysingar om klagerett jamfør kommunelova § 29 og forvaltingslova § 28. Inntil halvparten av tilskotet kan utbetalast som forskot. Sluttutbetaling skal alltid skje etterskotsvis mot rapport og rekneskap.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
185/15	Formannskapet	PS	03.12.2015
	Kommunestyret	PS	

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Torleiv Frotjold	FA - A10	15/1061

Endring av vedtektene for barnehagane i Austrheim kommune

Vedlegg:

Vedtekter for barnehagane i Austrheim pr. juni 2014

Framlegg til vedtak:

Med verknad frå og med 1. januar 2016, innfører Austrheim kommune eitt barnehageopptak i året. §7 i vedtektene vert då slik:

«Austrheim kommune gjennomfører samordna opptak. Det er eitt hovudopptak med søknadsfrist 1. mars.

Kommunen følgjer nasjonale reglar når det gjeld rett til barnehageplass – barnehageloven § 12a.

Det er utarbeidd eit felles elektronisk søknadsskjema for barnehagane i Austrheim. Dette finn ein på kommunen si heimeside. Opptaksnemnda er samansett av styrarane i barnehagane, helsesøster og ein representant frå barnevernet. Nemnda vert leia av rådmannen v/kommunalsjef for oppvekst.

Dersom det er ledige plassar, og det er nok personale, kan ein ta inn born utanom hovudopptaket. Dette gjeld berre for born som har lovfesta rett til barnehageplass.»

Saksopplysninger:

Fram til juni 2014 hadde Austrheim kommune vedtekter for barnehagane som gav kontinuerleg barehageopptak. D.v.s. at ein fekk plass i barnehagen uansett kor tid på året ein søkte. Dette var ei ordning som gjorde personal- og gruppeplanlegging i barnehagane uføreseielege, og vanskeleg å handtere reint administrativt, og i budsjettssamanheng. Vidare var det ei kostbar ordning, då ein

måtte justere bemanninga fleire gongar i året, alt etter kor tid det kom inn søknader.

I 2014 vart vedtektene (sjå vedlegg) - §7 – endra slik at ein innførte to barnehageopptak pr. år, med søknadsfristar 1. mars for dei som skulle begynne i august, og 1. september for dei som kunne begynne i januar. Sjå gjeldande vedtekter - § 7 – i vedlegget til denne saka.

Med *dette* framlegget ønskjer rådmannen å gå ned til eitt opptak pr. år, gjeldande f.o.m. barnehageåret 2016/2017. Det vil vere i samsvar med krav i barnehagelova § 12 a – 3. ledd: «*Kommunen skal ha minimum ett opptak i året. Søknadsfrist til opptaket fastsettes av kommunen.*»

Sjølve retten til barnehageplass er formulert i barnehagelova § 12 a - 1. ledd: «*Barn som fyller eitt år senest innen utgangen av august det året det søkes om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage frå august i samsvar med denne loven med forskrifter.*»

Grunngjeving:

Eitt opptak for året er meir føreseieleg med tanke på planlegging av barnehagane sin kapasitet i året som kjem. Dette har med bemanning å gjere. Med to opptak pr. år er det ofte aktuelt å auke bemanninga f.o.m. januar for å kunne ta inn alle med rett som søker pr. 1. september. To opptak pr. år er såleis ei dyrare ordning for kommunen.

Med eitt opptak pr. år, og søknadsfrist pr.1. mars, vil ein kunne planleggje sikkert for heile barnehageåret, og dermed ha ein meir føreseieleg økonomi å forhalde seg til.

Eitt opptak har følgjande ulempe for brukarane i høve to opptak: Dei som ikkje søker innan 1. mars kan kome på venteliste til neste barnehageår, sjølv om dei har rett til plass ut frå barnet sin alder. Retten knyter seg til at ein har søkt innan gjeldande frist, og at barnet fyller eitt år innan utgangen av august.

Likevel kan ein ha høve til å ta inn barn frå ei slik venteliste i løpet av året, dersom enkelte avdelingar i barnehagane har ledig plass innafor planlagt kapasitet. Jfr. §7 – siste ledd i vedtektene.

Konklusjon

Med verknad frå og med 1. januar 2016, innfører Austrheim kommune eitt barnehageopptak i året. §7 i vedtektene vert då slik:

«Austrheim kommune gjennomfører samordna opptak. Det er eitt hovudopptak med søknadsfrist 1. mars.

Kommunen følgjer nasjonale reglar når det gjeld rett til barnehageplass – barnehageloven § 12a.

Det er utarbeidd eit felles elektronisk søknadsskjema for barnehagane i Austrheim. Dette finn ein på kommunen si heimeside. Opptaksnemnda er samansett av styrarane i barnehagane, helsesøster og ein representant frå barnevernet. Nemnda vert leia av rådmannen v/kommunalsjef for oppvekst.

Dersom det er ledige plassar, og det er nok personale, kan ein ta inn born utanom hovudopptaket.

Dette gjeld berre for born som har lovfesta rett til barnehageplass. »



Vedtekter for barnehagane i Austrheim

Oppdatert 26.03.2014

Innhold:

side

§1. Føremål	4
§2. Forvaltning	4
§3. Opningstider/barnehagerute	4
§4. Ferieavvikling for barn	5
§5. Areal	5
§6. Betalingssatsar	5
§7. Opptak	5
§8. Klage på opptak	6
§9. Opptakssystemet	6
§10. Oppseiing/ending av plass	6
§11. Frammøte ved sjukdom	6
§12. Erklæring om helsetilstand	6
§13. Opplysningsplikt	7
§14. Born med funksjonshemming	7
§15. Personale	7
§16. Teieplikt	7
§17. Internkontrollsystem	7
§18. Utleige	8
§19. Vedtektsendingar	8
§1. Føremål	4
§2. Forvaltning	4
§3. Opningstider/barnehagerute	4
§4. Ferieavvikling for barn	5
§5. Areal	5
§6. Betalingssatsar	5
§7. Opptak	5
§8. Klage på opptak	6
§9. Opptakssystemet	6
§10. Oppseiing/ending av plass	6
§11. Frammøte ved sjukdom	6
§12. Erklæring om helsetilstand	6
§13. Opplysningsplikt	7
§14. Born med funksjonshemming	7
§15. Personale	7

§16. Teieplikt	7
§17. Internkontrollsystem	7
§18. Utleige	8
§19. Vedtektsendringar	8

§1. Føremål

1. Barnehagar som Austrheim kommune eig, skal drivast i samsvar med gjeldande lov og retningsliner fastsett av departementet, kommunale vedtak og plan for den einskilde barnehage
2. Barnehagen skal gje barn under skulealder gode høve til utvikling og aktivitet i nær forståing og i samarbeid med barna sin heim. Barnehagen skal hjelpe til med å gje barna oppseding i samsvar med grunnleggende verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane - jfr. Lov om barnehage (LOB) § 1.

§2. Forvaltning

- a) Kommunen fører det lokale tilsynet med barnehagane (jf. LOB, §§ 8 og 16)
- b) Kvar barnehage er ei sjølvstendig eining som er direkte underlagt rådmannen.
- c) Barnehagen skal ha eitt samarbeidsutval og eitt foreldreråd jf. LOB § 4.

SU er samansett av to foreldre, to av dei tilsette og ein representant vald av kommunestyret. Styrar har møte- og uttalerett, og er sekretær.

§3. Opningstider/barnehagerute

Barnehagane er heildagsbarnehagar med opningstid frå 07.15 til 16.30. Rådmannen kan utvide desse tidene

etter høring i Samarbeidsutvalet. Maksimal opphaldstid for borna skal vere 9 timar pr dag

Barna har tilbod om plass i 12 månader, medan det "pedagogiske barnehageåret" går frå medio august til medio juni. Barnehageåret startar medio august.

Barnehagen følgjer barnehageruta, og er stengd for barn på julaftan og nyttårsaftan.

Onsdag før påske er barnehagen open til kl.12.00.

Barnehagen har 5 planleggingsdagar i året til kurs og kompetanseheving, og 1 dag til klargjering for nytt barnehageår. Desse dagane er barnehagen stengt. Det vert utarbeidd barnehagerute i god tid før starten av barnehageåret.

§4. Ferieavvikling for barn

Barnehagen er open 12 mnd. i året, men barna skal sikrast 4 veker ferie kvart år.

Minst tre av ferievekene skal vera samanhengande, og takast ut mellom 15. juni og 15.august. Frist for melding om sommarferie er 1. mai.

§5. Areal

Netto leikeareal inne er minimum 4 m² pr. barn over 3 år, og minimum 5,33 m² pr. barn under 3 år.

Utearealet skal vera godt eigna for variert og skapande leik under trygge tilhøve.

Arealet skal vera om lag 6 gonger innearealet.

§6. Betalingsattsar

Kommunestyret fastset foreldrebetalinga. Austrheim kommune føl statlege pålegg

om makspris. Foreldra betalar for 11 mnd. i året og betalinga gjeld frå den 01. i kvar månad. Betalingsfri månad går frå 16.07 til 15.08.

Manglande betaling kan føre til at barnet misser plassen.

Dersom barnet ikkje vert henta innanfor opningstida, fører dette til ein ekstrakostnad.

Rådmannen kan etter søknad vurdere tilbakebetaling av foreldrebetaling ved samanhengande sjukdom hjå barnet i meir enn 1 – ein – månad, eller ved stenging av barnehagen i meir enn 14 dagar utan at kommunen set inn alternativt barnehage tilbud.

§7. Opptak

Austrheim kommune gjennomfører samordna opptak. Det er to hovudopptak med søknadsfrist:

- 1. mars for dei som ønskjer plass frå 16. august til 31. desember.
- 1. september for dei som ønskjer plass frå 01. januar og ut barnehageåret.

Det er utarbeidd eit felles elektronisk søknadsskjema for barnehagane i Austrheim. Dette finn ein på kommunen si heimeside. Opptaksnemnda er samansett av styrarane i barnehagane og to representantar frå Familiekontoret, og vert leia av rådmannen v/ kommunalsjef for oppvekst.

Dersom det er ledige plassar, og det er nok personale, kan ein ta inn born utanom hovudopptaka. Dette gjeld berre for born som har lovfesta rett til barnehageplass.

Kriterie for opptak

Prioritet etter LOB §13

Prioritet etter vedtak i Lov om barnevernteneste §§4-12

Born busette i Austrheim

Born busette i Åsheim krins

Søsken

§8. Klage på opptak

Tildeling av barnehageplass skal skje i samsvar med fastsette opptakskriterie.

Når det gjeld retten til å klage over avslag på søknad om barnehageplass viser ein til §§ 6 -12 i Forskrift om saksbehandlingsreglar ved opptak i barnehage. Formannskapet er klageinstans.

§9. Opptakssystemet

Barn som er tildelt plass i kommunal barnehage får behalde plassen fram til barnet tek til på skulen, eller til foreldre / føresette skriftleg seier opp plassen.

Barn frå andre kommunar får behalde plassen eitt barnehageår om gangen (gjeld ikkje Åsheim krins).

§10. Oppseiing/ending av plass

Skal eit barn slutta i barnehagen i løpet av barnehageåret må skriftleg oppseiing av plassen sendast barnehagen minst 3 mnd. før barnet vert teke ut.

§11. Frammøte ved sjukdom

Styrrar avgjer om eit barn p.g.a. sjukdom ikkje bør vere i barnehagen. Ein legg til grunn reglar tilrådde av Folkehelseinstituttet og den kommunale helsetenesta.

§12. Erklæring om helsetilstand

Når eit barn får plass i barnehage skal føresette leggje fram fråsegn om barnet si helse. Ein føreset at barn i barnehage møter til vanleg undersøking ved helsestasjon.

§13. Opplysningsplikt

I tråd med LOB §§ 21 og 22 skal dei tilsette vere merksame på tilhøve som kan føra til tiltak frå sosialtenesta og barneverntenesta si side. Utan hinder av teieplikta skal ein av eige tiltak gje opplysningar til barneverntenesta ved mistanke om alvorleg omsorgssvikt eller mishandling i heimen. Opplysningar skal normalt gjevast av styrar. Dei tilsette skal gje sosialtenesta bistand i klientsaker.

§14. Born med funksjonshemming

Når det gjeld barn som er funksjonshemma eller står i fare for å utvikle funksjonshemming, skal styraren i barnehagen i samråd med foreldre syta for at barnet får hjelp ved at dei rette faginstansane ver kontakta.

§15. Personale

I tråd med LOB skal barnehagane i Austrheim ha minimum 100% pedagogisk og administrativ leiing. Den pedagogiske bemanninga skal utgjere minimum 50% av det øvrige personale.

Eigar tilset personale, og det vert utarbeidd arbeidsavtale for alle tilsette.

Kommunen kan gje dispensasjon frå utdanningskravet. Slik dispensasjon kan berre gjevast for eit år om gongen.

Alle som vert tilsett pliktar å levere politiattest (LOB § 19)

§16. Teieplikt

I tråd med LOB § 20 har alle tilsette i barnehagane teieplikt:

For virksomheter etter denne lov gjelder reglene om taushetsplikt i forvaltningsloven

§§ 13 til 13 f tilsvarende”

§17. Internkontrollsystem

Kvar barnehage skal ha eit internkontrollsystem som dokumenterer at helse, miljø og tryggleik er ivareteken jfr. Austrheim kommune sitt HMT- system.

§18. Utleige

Barnehagen sine lokale kan leigast av foreiningar og lag i lokalmiljøet. Ved utleige må ein særleg ha i tankane verksemd som har verdi for barn og foreldre i lokalmiljøet. Det er styrar eller som leiger ut lokalet. Tvilstilfelle vert avgjort av rådmannen. Utleige må ikkje føra til ulempe for barnehagen si drift. Leigar må stå for vask og lufting etter bruk. Samarbeidsutvalet vedtek retningsliner og pris ved utleige.

§19. Vedtektsendringar

Endringar i vedtektene skal godkjennast av kommunestyret.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
186/15	Formannskapet	PS	03.12.2015
	Kommunestyret	PS	

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jan Olav Osen	FE - 232	15/1122

Eigedomsskattevedtekter - Godkjenning

Vedlegg:

Eigedomsskattevedteker

EIENDOMSSKATTETAKSTVEDTEKTER FOR AUSTRHEIM KOMMUNE

Framlegg til vedtak:

Austrheim kommunestyre godkjenner eigedomsskattevedtektene datert 20.11.15.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Gjeldande eigedomsskattevedtekter er frå 1988, sjå eiga vedlegg.

LVK sine advokater har utarbeida standard eigedomsskattevedtekter som er revidert seinast 31.10.12.

Vurdering

Eg finn det rimeleg at Austrheim kommune slutter seg til standard eigedomsskattevedteker utarbeida av LVK sine advokater.

Konklusjon

Eg rår til fylgjande:

Austrheim kommunestyre godkjenner eigedomsskattevedtektene datert 20.11.15.

VEDTEKTER FOR TAKSTAR FOR EIGEDOMSSKATT

Kap. I SKATTETAKSTNEMNDER

§ 1 Til å verdsetja faste eigedomar i Austrheim kommune i samsvar med lov om eigedomsskatt, vel kommunestyret ei (eller fleire) skattetakstnemnd(er) og ei overtakstnemnd.

Ei skattetakstnemnd skal ha tre medlemmer (formann, nestformann og ein medlem) og overtakstnemnda skal ha seks medlemmer (formann, nestformann og fire medlemmer), alle med personlege varamenn. Medlemmene og varamedlemmene vert valde for 4 år om gongen.

I overtakstnemnda går halvparten av medlemmene og varamedlemmene ut or nemnda ved nytt val anna kvart år, første gong etter loddtrekning.

I skattetakstnemnda går vekselvis 1 og 2 ut ved nytt val annakvart år, første gong etter loddtrekning.

Kommunestyret peikar ut formann og nestformann for kvar nemnd.

Dersom formann ikkje møter, fungerer nestformannen som formann.

Dersom ein medlem går ut or nemnda i tida mellom to val, rykkjer varamannen hans inn som fast medlem fram til neste val.

Dersom kommunen har fleire skattetakstnemnder, fastset kommunestyret eit takstdistrikt for kvar nemnd.

§ 2 Alle som plikter å ta imot val til kommunestyret, kan veljast og pliktar å ta imot val til medlem av skattetakstnemnd og overskattetakstnemnd. Kommunestyremedlemmer kan krevja seg fritekne.

Ein medlem er ugild til å ta del i taksten

- a) når han sjølv eig, har pant i, leigar eller er leigebuar til eigedommen.
- b) når han er i slekt eller i svogerskap med ein som nemnd under punkt a) i opp- eller nedstigande linje eller sidelinje så nær som søsken.
- c) når han er eller har vore gift eller forlova med eller er fostermor eller fosterfar eller fosterbarn til eigaren.
- d) når han er verje for nokon som nemnd under punkt a.
- e) når han er styrar eller medlem av styret for eit selskap, lag, sparebank, skipnad eller offentleg tiltak som eig, har pant i, leiger eller er leigebuar til eigedomen.

Likeeins er han ugild dersom det ligg føre andre særlege omstende som er eigna til å svekka tiltrua til at han er upartisk.

Nemnda avgjer sjølv om ein medlem er ugild.

§ 3 Skattetakstnemnda kan tilkalla ein eller fleire sakkunnige på det bygningstekniske, industrielle eller maskintekniske området, til å rettleia nemnda når ho skal taksera bedriftseigedomar med tilhøyrande maskiner og liknande. Den/dei sakkunnige tek ikkje del i sjølve takseringa og har ikkje røysterett.

Kap. II TAKSTEN

§ 4 Før hovudtakseringa tek til, kjem nemnda saman for å drøfte og vedta sams retningslinjer for takseringa slik at vurderinga vert så einsarta som råd er. Nemnda held fleire slike møte dersom ho finn det turvande. Det skal først eigen protokoll for desse møta. Vedtak som vert gjort med simpelt fleirtal er rettleiande.

§ 5 Formannen skal planleggja og leia arbeidet og fastsetja tidspunkt for taksering. Han skal syta for at eigaren av eigedomen eller fullmektigen hans vert varsla, om mogeleg med 3 dagars varsel. Hovudtakseringa skal dessutan kunngjerast på førehand i pressa.

Kommunekasseraren utfører alt administrativt og kontormessig arbeid for takstnemndene.

Når nemnda er på synfaring på ein eigedom, bør ho om mogleg få opplyst

- arealet på tomta, rekna med og utan bygningar
- flate- og rominnhald for husvære og forretningslokale som tilhøyrer eigedomen.
- liste over større maskiner og liknande for bedriftseigedomar.

Formannen skal sjå til at det er rimeleg samsvar i verdsetjinga av ulike eigedomar.

Dersom det er fleire skattetakstnemnder, skal formennene verta samde om å halda prøvetakstar over sume eigedomar og så kalla inn til fellesmøte der ein drøftar taksten. Til fellesmøte og prøvetakstar kan ein og kalla inn varamennene.

Dersom ein takstmann ikkje kan møta i nemnda, skal han straks melde frå til formannen, som kallar inn varamann.

Formannen syter for at alle medlemmene i nemnda får eit ajourført avtrykk av reglane om taksering i lov om eigedomsskatt- og byskattelova og eitt eksemplar av vedtektene.

§ 6 Det skal vera synfaring på alle skattepliktige eigedomar. Taksten skal vera eit tal som kan delast med 1000. Grunn og bygning kan takserast kvar for seg dersom dei har ulike eigarar.

Kvar nemnd fører takstprotokoll og protokoll som omtala i § 4 i vedtektene. Takstprotokollen må visa kva tid taksten er halden, kva for ein eigedom det gjeld og takstsummen. Nemnda fastset eit eige skjema for takstprotokollen. Skjemaet bør vera slik at ein kan ta kopi eller utskrift til skatteytarar som bed om det.

§ 7 Innan 1. desember det året hovudtakseringa vert avslutta skal det leggjast fram liste over alle takstar til offentleg ettersyn i 4 veker. Kommunen kunngjer i lokalpressa når og kvar lista vert lagt fram, fristen for krav om overtakst og kven kravet skal sendast til.

I perioden mellom to hovudtakseringar vert skattelista lagt fram om mogleg innan 1. mars i skatteåret. Kunngjøringa vert som ved hovudtaksering.

Kap. III OVERTAKST

§ 8 Ein skattytar eller formannskapet kan krevja overtakst innan 4 veker frå skattetakstlista er lagt ut. Kravet skal sendast kommunekasseraren som snarast mogleg etter at fristen er gått ut, sender det over til formannen oi overtakstnemnda.

§ 9 Overtakst vert halden av alle medlemmer i overtakstnemnda, eventuelt med varamenn, og under leiing av formannen. Reglane i §§ 4-7 for skattetakstnemnda gjeld og for overtakstnemnda, så langt dei høver.

Dersom skattetakstnemnda har tilkalla sakkunnige, jfr. § 3 i vedtektene, skal overtakstnemnda tilkalla ein eller fleire sakkunnige som ikkje har rettleia ved undertaksten.

Overtakstnemnda fører egne protokollar innretta sameleis som skattetakstnemnda sine protokollar.

Når alle overtakstar er avslutta, vert utskrift av takstprotokollen lagt ut til offentleg ettersyn i 4 veker på same staden som skattetakstane har vore utlagde. Kommunekasseraren kunngjer dette i pressa.

Kap. IV OMTAKSERING

§ 10 Dersom eigedomen i tida mellom to hovudtakseringar er delt, dersom bygningane er rivne ned eller øydelagde ved brann eller liknande eller dersom det er ført opp nye bygg på eigedomen, skal det haldast ny takst dersom ein reknar med at verdien har endra seg med minst kr. 10.000,- jfr. § 4, 3. ledd i byskattelova. Kommunekasseraren skal ta opptakten til at det vert halde ny takst straks dersom han får opplysningar om at det er grunn for omtaksering etter § 4, 3. ledd i byskattelova.

Når det er grunn til å tru at verdien av ein eigedom er vesentleg auka eller redusert i høve til andre eigedomar, av andre grunnar enn nemnd under § 10, 1. ledd i vedtektene, kan formannskapet eller den skattepliktige krevja omtaksering. Den skattepliktige må i så fall setja fram kravet innan 1. november i året før skatteåret. Krav om omtaksering skal sendast kommunekasseraren, som oversender det til formannen i takstnemnda. Kommunekasseraren pliktar å gje formannskapet melding dersom det er grunn til å tru at verdien av ein eigedom er vesentleg endra, jfr. § 4, 4. ledd i byskattelova.

Reglane om skattetakst og overtakst i vedtektene gjeld og for omtaksering.

Ved omtakseringa skal ein så langt råd er nytta same vurderingsgrunnlag som ved sist hovudtaksering.

Kap. V EIGEDOMSSKATTEN

§ 11 Endringar i eigedomsskatten som følgje av endra takstverdi på ein eigedom får verknad frå og med det skatteåret då den nye taksten vert halden. Den nye taksten skal så langt råd er vera halden før 1. mars i skatteåret.

Vert skatten endra ved overtakst, skal skatten for vedkomande skatteår reknast om.

Kap. VI YMSE

§ 12 Formannskapet fastset godtgjersle til takstmennene. Godtgjersle til sakkunnige som skattetakstnemnda tilkallar, jfr. § 3 i vedtektene, må dekkjast av løyvingar på kommunen sitt budsjett. Kommunekasseraren betalar ut godtgjersla etter oppgåve frå formannen i nemnda og etter tilvising frå rådmannen.

Når det er den skattepliktige som set fram krav om omtaksering, jfr. § 10, 2. ledd i vedtektene, skal han bera kostnadene ved takseringa.

§ 13 Kommunekasseraren reknar ut eigedomsskatten og skriv ut skattelistene. Eigedomsskattelistene skal innehalda alle takserte skattepliktige eigedomar, oppførte etter gards- og bruksnummer, med takst og namnet på eigar.

Teknisk sjef skal gje kommunekasseraren melding om kva for eigedomar som er takstpliktige, og om det er grunnlag for omtaksering jfr. § 10 i vedtektene. Teknisk sjef lyt difor vurdera om kommunekasseraren skal ha melding om oppmålingar, matrikkelreguleringar, oppdelingar, avslutta og igangsette byggjearbeid og om bygg som er rivne.

Naudsynte meldingar må sendast kommunekasseraren i god tid før skattelista skal leggjast fram, slik at det vert tid til aktuelle (om-)takseringar.

Eigedomsskatten skal så langt råd er skrivast ut og skattesetlar sendast ut innan 1. mars i skatteåret. Kommunekasseraren syter for utsendinga, og fastset skjema for lister, skattesetlar m.m.

Eigedomsskatten forfell til betaling i to terminar, den 1. april og den 1. oktober.

§14 Desse vedtektene gjeld frå 1. januar 1988.

EIENDOMSSKATTETAKSTVEDTEKTER FOR AUSTRHEIM KOMMUNE

Takstvedtekter gjeldende fra 1. januar 2016

1. TAKSTNEMND OG FELLES KLAGENEMND

1.1 Takstnemnd

Til å foreta taksering av alle eiendomsskattepliktige eiendommer i kommunen med unntak av vannkraftanlegg (jf. skatteloven (sktl.) § 18-1 (2) a), oppnevner kommunestyret en eller flere takstnemnder, jf. eiendomsskatteoven (esktl.) §§ 8A-2 og 8A-3.

Takstnemnda skal ha tre medlemmer hvorav en leder, en nestleder og ett medlem. I tillegg velges tre personlige varamedlemmer.

Takstnemnda fatter sine beslutninger i fellesskap. Dersom det er uenighet om et særskilt spørsmål, kan nemnda avgjøre uenigheten ved avstemning.

Nemndlederen har til oppgave å planlegge og å lede takseringsarbeidet, samt å sørge for at fremdriften i takseringen går etter planen. Dersom nemndlederen har forfall, overtar nestlederen i nemnda nemndleders oppgaver.

1.2 Klagenemnd

Kommunestyret oppnevner en felles klagenemnd til å behandle både klager over takstnemnden(e)s takstvedtak (overtakst) og klager over eiendomsskattekontorets utskrivingsvedtak, jf. esktl. §§ 19 og 20.

Klagenemnda skal bestå av seks medlemmer, hvorav en leder, en nestleder og fire medlemmer. Klagenemndas medlemmer skal ha personlige varamedlemmer.

Klagenemnda fatter sine beslutninger i fellesskap. Uenighet avgjøres ved avstemning. Ved stemmelikhet har klagenemndslederen dobbeltstemme.

Klagenemndslederen har til oppgave å planlegge og å lede klagebehandlingen, samt å sørge for en forsvarlig fremdrift i saksbehandlingen. Dersom klagenemndslederen har forfall, overtar nestlederen i klagenemnda nemndleders oppgaver.

1.3 Valgbarhet, oppnevning av nye nemndsmedlemmer og fratredelse

Takstnemndas og klagenemndas medlemmer oppnevnes av kommunestyret. De som er pliktige til å motta valg til kommunestyret, er valgbare og pliktige til å motta valg til takstnemndene. Dette gjelder ikke faste medlemmer av formannskapet, jf. esktl. § 21¹.

¹ Spørsmålet om varamedlemmer til formannskapet kan oppnevnes i takstnemnd og klagenemnd er muntlig forelagt Finansdepartementet, som opplyste at spørsmålet ikke er vurdert.

Valgperioden følger kommunevalgperioden, dog slik at halvparten av medlemmene og varamedlemmene i takstnemnda og klagenemnda trer ut og erstattes hvert annet år. Samtidig oppnevnes ledere og nestledere for den neste toårsperioden.

Kommunestyret kan ved behov oppnevne flere takstnemnder som får ansvar for hvert sitt geografiske område i kommunen. Det skal bare være én klagenemnd.

1.4 Inhabilitet

Reglene om habilitet i forvaltningslova (fvl.) § 6 gjelder for nemndene. Nemnda avgjør selv om et medlem er inhabilt uten at medlemmet deltar.

1.5 Møteplikt

Medlemmene i takstnemnda og klagenemnda har plikt til å møte i alle møter, med mindre vedkommende har gyldig forfall.

Ved forfall skal medlemmet snarest mulig varsle eiendomsskattekontoret, som innkaller varamedlemmet. Når et medlem ikke møter, har varamedlemmet møteplikt.

2. EIENDOMSSKATTEKONTORET

2.1 Eiendomsskattekontoret

Eiendomsskattekontoret er lagt til skatteoppkrevjaren.

2.2 Eiendomsskattekontorets oppgaver

Eiendomsskattekontorets oppgave er å skrive ut eiendomsskatten på grunnlag av takstnemnden(e)s takster og kommunestyrets vedtatte satser.

Eiendomsskattekontoret skal videre fungere som sekretariat for takstnemnda og klagenemnda. Det påligger kontoret å legge til rette for takstnemndenes arbeid, herunder å sørge for alt administrativt og kontormessig arbeid for takstnemndene.

Dersom kommunestyret i stedet for ny alminnelig taksering har vedtatt kontorjustering etter bestemmelsene i esktl. § 8A-4, skal eiendomsskattekontoret forestå justeringen. Takstøkningen kan skje stegvis over flere år, men må ikke være mer enn 10 prosent av det opprinnelige skattegrunnlaget for hvert år etter 10-årsfristen for den siste alminnelige takseringen.

2.3 Deltakelse på møter i takstnemnda

Eiendomsskattekontoret skal så langt det er ønskelig delta på nemndmøter for å legge til rette for og bistå nemndene i deres arbeid. Eiendomsskattekontoret sin representant har ikke stemmerett på møtene, skal ikke delta i selve takseringsarbeidet og kan ikke instruere nemnda.

2.4 Forberedelse av takseringsarbeidet

Eiendomsskattekontoret utarbeider liste over eiendommene i kommunen. Listen skal også inneholde eiendommer som skal eller kan fritas for eiendomsskatt, jf. esktl. §§ 5 og 7. Det bør utarbeides en egen liste over antatte verk og bruk.

2.5 Innhenting av opplysninger fra skattyter og/eller brukere av eiendommen

Eiendomsskattekontoret forbereder takseringen ved å innhente tilgjengelig informasjon om den enkelte eiendom. Eiendomsskattekontoret kan pålegge eieren (skattyter) å utlevere opplysninger av betydning for taksten, og både eier (skattyter) og bruker av eiendommen har plikt til å gi opplysninger som er nødvendig for utskrivning av eiendomsskatten, jf. esktl. § 31.

Eiendomsskattekontoret kan sette frist for å gi opplysninger, jf. esktl. § 31 (3). Fristen skal ikke være kortere enn fire uker. Eiendomsskattekontoret kan samtidig varsle om at brudd på opplysningsplikten gir grunnlag for en forsinkelsesavgift, som blir satt på grunnlag av eiendommens skattegrunnlag i tråd med reglene i esktl. § 31 (4).

2.6 Engasjement av sakkyndige for takstnemnda og klagenemnda

Takstnemndene kan be eiendomsskattekontoret tilkalle sakkyndig hjelp til å avgi veiledende takster samt veiledende uttalelser om særskilte tekniske eller juridiske spørsmål når dette anses nødvendig.

Ved taksering av større verk og bruk bør det engasjeres sakkyndig taksator med særskilt kompetanse på den type verk og bruk som det er aktuelt å taksere.

De sakkyndige deltar ikke i selve takseringen og har ingen stemmerett. Det gjelder de samme regler for habilitet som for medlemmene i takstnemndene.

3 TAKSERINGSARBEIDET

3.1 Leder i takstnemndas oppgaver

Det påligger takstnemndas leder, i samarbeid med eiendomsskattekontoret, å planlegge, lede arbeidet og beramme takstene.

Nemndleder innkaller til møtene. Leder av eiendomsskattekontoret innkalles til alle møtene i takstnemndene. Nemnda er beslutningsdyktig selv om ikke eiendomsskattekontorets representant er til stede.

Nemnda innkalles til så mange møter som er nødvendig for å gjennomføre takseringen.

3.2 Informasjon til de øvrige nemndmedlemmene

På det første møtet for nyutnevnt nemnd eller klagenemnd informerer nemndleder og eiendomsskattekontoret om nemndas oppgaver, de relevante lovbestemmelser og kommunens skattetakstvedtekter. Til det første møtet innkalles også alle varamedlemmene.

Er det flere takstnemnder i kommunen, kan det konstituerende møtet avholdes i fellesskap.

3.3 Møteprotokoll fra møter i nemndene

Det skal føres protokoll fra alle møter i takstnemndene. Takstprotokollen bør underskrives av nemndenes medlemmer ved slutten av hvert møte.

I protokollen skal alle beslutninger nedtegnes.

Protokollen skal inneholde opplysninger om hver enkelt eiendom som takseres, herunder hva som inngår i taksten, hvilke verdsettelsesprinsipp(er) som er anvendt, hva taksten er og hvordan man er kommet frem til verdien av eiendommen.

3.4 Generelle prinsipper for takseringsarbeidet

Takstnemnda skal verdsette de skattepliktige eiendommene etter reglene i esktl. § 8A-2, slik bestemmelsen er tolket i rettspraksis.

Takstnemndene fastsetter taksten etter skjønn og kan ikke instrueres av eiendomsskattekontoret, kommunestyret eller formannskapet i kommunen.

Verdsettelsen skal skje med utgangspunkt i det generelle likebehandlingsprinsippet som gjelder for eiendomsskatt. Takstnemnda skal utøve sitt skjønn etter beste evne. Alle eiendommer som ikke er unntatt fra eiendomsskatteplikt skal verdsettes og like tilfelle skal behandles likt. Nemnda kan ikke gjøre andre fradrag eller reduksjoner i taksten enn hva loven hjemler.

Alle takster avrundes til nærmeste hele 1000 kroner.

Dersom det er ulik eier for grunn og bebyggelse på en fast eiendom, skal grunnen og bygningene normalt takseres hver for seg.

3.5 Vedtakelse av retningslinjer og sjablonger, verdsettelsesprinsipper

Før den alminnelige takseringen påbegynnes, drøfter nemnda eller nemndene i fellesskap alminnelige retningslinjer for takseringen for å sikre størst mulig ensartethet i vurderingene. Ved behov kan prøvetaksering finne sted.

Takstnemndene kan vedta sjablonger til bruk i takseringen. Sjablongene er et hjelpemiddel for å komme frem til eiendommens takstverdi, og skal ta høyde for at eiendommens

beskaffenhet (innretning), anvendelighet (bruksegenskap) og beliggenhet (lokalisering) kan virke inn på verdien, jf. esktl. § 8A-2 (1).

Verk og bruk skal som hovedregel verdsettes til anleggets substansverdi.

3.6 Befaring

Takstnemnda skal befare alle eiendommer som skal verdsettes for eiendomsskatteutskrivning, med mindre annet er avtalt med skattyter. Det følger av langvarig praksis at det normalt ikke er befaring ved taksering av kraftlinjer og nettanlegg.

Eieren (skattyter) skal varsles om at nemnda kommer på befaring i god tid i forveien.

Eiendomsskattekontoret foretar varslingen, og påpeker at eieren og brukeren av eiendommen er pliktig til å medvirke til befaring ved taksering etter esktl. § 8A-3, jf. esktl. § 31 (2). Eiendomsskattekontoret kan sette frist for eiers og brukers medvirkning til at befaring kan la seg gjennomføre, jf. esktl. § 31 (3).

Ved brudd på plikten kan eiendomsskattekontoret pålegge eieren (skattyter) en forsinkelsesavgift, jf. esktl. § 31 (4). Avgiften settes på grunnlag av eiendommens skattegrunnlag. Avgift skal ikke pålegges når fristen er oversittet på grunn av sykdom, alderdom, eller annen unnskyldelig grunn.

3.7 Fotografering

Eiendomsskattekontoret, sakkyndig taksator og takstnemndas medlemmer har rett til å ta fotografi av eiendommen til bruk for takseringen.

3.8 Fastsettelse av takst

I forbindelse med takseringen skal takstnemnda blant annet ta stilling til

- hvilke eiendommer som er skattepliktig innenfor det virkeområdet kommunestyret har definert, jf. esktl. § 3.
- hvilke eiendommer som er "verk og bruk", jf. esktl. § 4 annet ledd annen setning.
- hvilke bygninger og driftsmidler som er en del av et verk og bruk, jf. esktl. § 4 annet ledd tredje og fjerde setning, samt esktl. § 8A-2 (2).
- grensesnittet mellom kraftanlegg og overføringsanlegg, jf. sktl. § 18-1 (2) a.
- hvilke eiendommer som er unntatt fra eiendomsskatt, jf. esktl. § 5, og hvilke eiendommer som er fritatt, jf. esktl. § 7.

3.9 Taushetsplikt

Takstnemndas og klagenemndas medlemmer har taushetsplikt om informasjon de får tilgang til gjennom sine verv, jf. esktl. § 29, jf. ligningsloven § 3-13.

Takstnemndas og klagenemndas medlemmer skal i forbindelse med tiltredelsen avgi skriftlig erklæring om taushetsplikten.

4 OMTAKSERING, SÆRSKILT TAKSERING OG KONTORJUSTERING

4.1 Kommunestyret kan vedta omtaksering

Den alminnelige takseringen i kommunen skjer normalt hvert 10. år. I perioden mellom den alminnelige takseringen i kommunen kan kommunestyret vedta at omtaksering skal foretas etter de retningslinjer og vilkår som fremgår av esktl. § 8A-3 (2) og (5).

Kommunen dekker kostnadene ved takseringen.

4.2 Skattyters krav om omtaksering

Skattyter kan kreve omtaksering i tiden mellom de alminnelige takseringer dersom eiendommen er delt, bygninger på eiendommen er revet eller ødelagt av brann eller lignende, eller det er ført opp nye bygninger eller gjort vesentlige forandringer på eiendommen, jf. esktl. § 8A-3 (5).

Skattyter må i tilfelle selv dekke utgiftene ved takseringen. Takstnemndene avgjør om vilkårene for å kreve omtaksering er tilstede.

4.3 Formannskapetets og skattyters krav om særskilt taksering

Dersom verdien av en eiendom er vesentlig forandret i forhold til andre eiendommer i kommunen, kan så vel formannskapet som skattyter kreve særskilt taksering i tiden mellom de alminnelige takseringene.

Skattyter må selv dekke kostnadene med takseringen som gjennomføres etter krav fra skattyter.

Krav om omtaksering må være stilt innen 1. november i året før skatteåret.

Takstnemndene avgjør om vilkårene for å kreve omtaksering er tilstede.

4.4 Kontorjustering

Kommunestyret kan i stedet for ny alminnelig taksering gjøre vedtak om å øke taksten som ble satt for eiendommen ved den siste alminnelige takseringen for utskrivning av eiendomsskatt. Kommunestyret kan dessuten gjøre vedtak om at det skal gjøres et tilsvarende tillegg for de eiendommer som er verdsatt særskilt før et tidspunkt som kommunestyret fastsetter.

Økningen kan skje stegvis over flere år, men må ikke være mer enn 10 prosent av det opprinnelige skattegrunnlaget for hvert år etter 10-årsfristen for den siste alminnelige takseringen.

Det er eiendomsskattekontoret som forestår og gjennomfører kommunestyrets vedtak om kontorjustering etter bestemmelsene i esktl. § 8A-4.

5. KLAGE PÅ TAKSTEN OG UTSKRIVNINGEN

5.1 Klage på taksten - Klagefrist og oversittelse av klagefrist

Overtakst kan begjæres av vedkommende skattyter eller formannskapet, jf. esktl. § 8A-3 (3).

Klage over taksten må inngis skriftlig til eiendomsskattekontoret innen seks uker fra det seneste tidspunktet av den dagen det var kunngjort at eiendomsskattelisten ble lagt ut eller dagen skatteseddelen ble sendt det året takseringen finner sted.

Klage over taksten kan senere fremsettes i forbindelse med den årlige utskrivningen av eiendomsskatten, bare dersom det ikke er klaget på taksten tidligere, jf. esktl. § 19, første ledd tredje setning.

Takstnemnda/klagenemnda kan ta en klage fra skattyteren til behandling selv om klagefristen er oversittet når vedkommende ikke er å bebreide fristoversittelsen, eller det er av særlig stor betydning for skattyteren at klagen blir behandlet. Tilsvarende kan en klage fra formannskapet tas til følge etter klagefristen dersom formannskapet klager til skattyterens gunst.

Eiendomsskattekontoret eller takstnemnda kan innvilge utsatt klagefrist i enkelttilfeller dersom det anmodes om det og det er rimelige grunner for å innvilge utsatt klagefrist.

5.2 Behandling av klage på taksten

Eiendomsskattekontoret skal sende klage over takseringen til takstnemnda, som gjør de undersøkelser som klagen gir grunn til.

Takstnemnda kan oppheve eller endre vedtaket dersom den finner klagen begrunnet. Dersom takstnemnda ikke gir klager medhold, oversendes sakens dokumenter uten opphold til klagenemnda.

Dersom klagenemnda anser det for nødvendig, kan det innhentes uttalelser fra sakkyndige. Klagenemnda må gjennomføre befarings.

Klagenemnda kan prøve alle sider av taksten, og kan også endre taksten til skattyters ugunst.

Dersom klagen ikke behandles innen en måned, skal klageren gis et foreløpig svar, jf. fvl. § 11 a.

5.3 Omgjøring

Klagenemndas vedtak er endelig og kan ikke påklages².

Skattyteren kan anmode klagenemnda om å omgjøre sitt eget vedtak. Klagenemnda har i slike tilfeller ingen plikt til å vurdere vedtaket på nytt, men har mulighet til det dersom den finner det rimelig.

For det tilfelle at klagenemnda finner å avvise en omgjøringsanmodning, bør det presiseres at vedtaket ikke er et nytt realitetsvedtak som gir grunnlag for ny søksmålsfrist.

5.4 Klage på utskrivningen - Klagefrist og oversittelse av klagefrist

Klage over utskrivningen må inngis skriftlig til eiendomsskattekontoret innen seks uker fra det seneste tidspunktet av den dagen det var kunngjort at eiendomsskattelisten ble lagt ut eller dagen skatteseddelen ble sendt, jf. esktl. § 19.

Eiendomsskattekontoret/klagenemnda kan ta en klage fra skattyteren til behandling selv om klagefristen er oversittet når vedkommende ikke er å bebreide fristoversittelsen, eller det er av særlig stor betydning for skattyteren at klagen blir behandlet.

Eiendomsskattekontoret eller takstnemnda kan innvilge utsatt klagefrist i enkelttilfeller dersom det anmodes om det og det er rimelige grunner for å innvilge utsatt klagefrist.

5.5 Behandling av klage over utskrivningen

Gjelder klagen utskrivningen gjør eiendomsskattekontoret selv de undersøkelser som klagen gir grunn til. Eiendomsskattekontoret kan oppheve eller endre vedtaket dersom det finner klagen begrunnet.

Dersom eiendomsskattekontoret ikke finner grunn til å gi klager medhold, oversendes sakens dokumenter uten opphold til klagenemnda.

5.6 Protokoll fra klagenemnda

Klagenemnda skal føre protokoll fra møtene i klagenemnda.

I protokollen skal fremgå begrunnelsen for at vedtaket er opprettholdt eller endret. Protokollen skal angi hvilket faktum og rettsanvendelse klagenemnda bygger på, og hvilke verdsettelsesprinsipper som er anvendt for de enkelte eiendommer.

I protokollen må det tas stilling til eierens eller formannskapetets klagegrunner.

² Dette gjelder også dersom klage fremsettes i forbindelse med utskrivningen i senere år, jf. esktl. § 19.

6 FORSKJELLIGE BESTEMMELSER

6.1 Godtgjørelse til takstnemndene og sakkyndige

Kommunestyret/formannskapet fastsetter godtgjørelsen til nemndmedlemmene.

Eiendomsskattekontoret fastsetter godtgjørelsen til sakkyndige.

Eiendomsskattekontoret sørger for utbetalingen av godtgjørelsen.

6.2 Frist for utskrivning av eiendomsskatt

Eiendomsskatten skal være utskrevet og skattelisterne offentliggjort innen 1. mars i skatteåret.

Ved første gangs utskrivning skal den alminnelige takseringen være avsluttet innen utgangen av juni i skatteåret. Ved utvidelse av skatteområdet og/eller innføring av bunnfradrag gjelder egne overgangsordninger, se noter i eiendomsskatteloven.

6.3 Eiendomsskattelisterne

Eiendomsskattelisten skal ligge ute til offentlig gjennomsyn i minst tre uker etter at det er kunngjort at listen er lagt ut, jf. esktl. § 15. I kunngjøringen skal det opplyses om fristen for klage og hvem klagen skal sendes til.

Samtidig med at eiendomsskattelisten legges ut sendes skatteseddel til skattyter.

6.4 Skatteterminer

Eiendomsskatten forfaller til betaling etter de terminer som kommunestyret fastsetter.

6.5 Klage eller søksmål på takst eller utskrivning har ikke oppsettende virkning

Eiendomsskatten skal betales til fastsatt tid og med de beløp som først er fastsatte, selv om det er sendt inn klage over utskrivningen eller utskrivningsgrunnlaget, eller de står til prøving for en klageinstans eller domstolene, jf. esktl. § 25 (3).

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
187/15	Formannskapet	PS	03.12.2015
	Kommunestyret	PS	

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Rolf-Henning Myrmel	FA - J73	15/1127

Ventilasjon Kaland barnehage

Framlegg til vedtak:

Austrheim kommunestyre vedtek bygging av nytt ventilasjonsanlegg .
Rådmannen inngår kontrakt om ventilasjon på Kaland barnehage med GK. Kostnadene kr. 432.882 vert dekt med overføring av midlar frå posten Trafikksikring etter plan. Midlane her var tenkt brukt til sambandsveg for gåande mellom Kalandsjøen og Kalandsfeltet. Da dette prosjektet er utsatt i på vente av detaljplan og sal av tomtar kan ein omprioritere desse midlane til planarbeidet er avklara.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Ventilasjonsanlegget i Kaland barnehage er defekt og ein har sendt ut førespurnad til 3 leverandører. Ein har fått inn pris frå 2 av dei. Anlegget som tilfredstillar krava vert levert av GK. Anlegget har ein kapasitet på 1600 m³/h. Eksisterande kanalnett er ikkje dimensjonert for denne luftmengda og ein må opp gradera røyropplegget. Ein må og opp gradera strømtilførselen fram til aggregata.

Vurdering

Tilbodet til GK er på	Kr. 180.654
I tillegg kjem :	
Elektrisk arbeid	Kr. 70.000
Bygningsmessige arbeid:	
Plattform bakkenivå	Kr. 15.000
Skur	Kr. 30.000
Hulltaking	Kr. 10.000

Tetting av vegg.	Kr. 5.000
Kanalrister og kanalgjennomføringar	Kr. 10.000
Byggeleiiing 15% av kr 320.654	Kr. 48.098
Uforutsett 20% av kr 320.654	Kr. 64.130

Totalt **Kr. 432.882**

Vurdering

Folkehelse

Eit godt ventilasjonsanlegg er viktig for folkehelsa.

Miljø

Eit godt ventilasjonsanlegg er viktig for inne miljøet.

Økonomi

Kostnadene kr. 432.882 vert dekt med overføring av midlar frå posten Trafikksikring etter plan.

Konklusjon

Rådmannen inngår kontrakt med ventilasjon på Kaland barnehage med GK. Kostnadene kr. 432.882 vert dekt med overføring av midlar frå posten Trafikksikring etter plan. Midlane her var tenkt brukt til sambandsveg for gåande mellom Kalandsjøen og Kalandsfeltet. Da dette prosjektet er utsatt i på vente av detaljplan og sal av tomtar kan ein omprioritere desse midlane til planarbeidet er avklara.